

# Viltet i Bømlo 2025

FAUN RAPPORT 033 | 2025 | Viltforvaltning | Kristine Våge, Sindre Greivstad og Morten Meland



|  |   |
|--|---|
| <b>Tittel</b>                          | Viltet i Bømlo 2025   |
| <b>Rapportnummer</b>                   | R033-2025   |
| <b>Forfattere</b>                      | Kristine Våge, Sindre Greivstad og Morten Meland  |
| <b>Årstall</b>                         | 2025  |
| <b>ISBN</b>                            | -   |
| <b>Tilgjengelighet</b>                 | Fritt   |
| <b>Oppdragsgiver</b>                   | Bømlo kommune   |
| <b>Prosjektansvarlig oppdragsgiver</b> | Katrine Strand Sæterbø  |
| <b>Prosjektleder i Faun</b>            | Kristine Våge   |
| <b>Kvalitetssikra av</b>               | Morten Meland   |
| <b>Emneord</b>                         | Viltkartlegging, hjort, sjøfugl, rovfugl, rettleiar M1941.  |
| <b>Antall sider</b>                    | 64 + vedlegg  |
| <b>Forsidebilde</b>                    | Vipe: Alvarez Moles, V. (u.å.). Foto av vipe ( <i>Vanellus vanellus</i> ).<br>Lisens: CC BY-SA 4.0. Henta frå Store norske leksikon:<br><a href="https://snl.no/vipe">https://snl.no/vipe</a><br>Oter: Kjetil Bevanger: Oter <i>Lutra lutra</i> (Linnaeus, 1758)<br>Hentet 02.12.2025 fra<br><a href="https://artsdatabanken.no/arter/takson/31207/beskrivelse">https://artsdatabanken.no/arter/takson/31207/beskrivelse</a><br>Hjort. Faun Naturforvatning V/ Espen Åsan |
| <b>Kortfatta sammendrag</b>            |   |
| <b>Rapporthenvisning</b>               | Våge, K, Greivstad, S. og Meland, M. 2025. Viltet i Bømlo 2025. Faun rapport R33-2024. Faun Naturforvaltning.   |

# Innhold

|   |    |
|---|----|
| Forord.....   | 5  |
| 1 Innleiing.....  | 6  |
| 2 Metode.....   | 7  |
| 2.1 Definisjonar.....   | 7  |
| 2.2 Innhenting av kunnskap om viltet på Bømlo.....                          | 8  |
| 2.3 Kartfesting av viltområde og hjortevilttrekk.....                       | 11 |
| 2.4 Verdisetjing av viltområde og hjortevilttrekk.....                      | 11 |
| 3 Resultat.....   | 13 |
| Del 1: Presentasjon av kvantitative data.....                               | 13 |
| Del 2. Hovudfunn frå innsiktsarbeidet (kvalitative data).....               | 19 |
| Del 3: Utforming og presentasjon av viltområde og hjortetrekk på Bømlo..... | 20 |
| 4 Viltområder på Bømlo.....   | 21 |
| Delområde 1. Sæingen–Slåtterøy.....   | 22 |
| Delområde 2. Koløy.....   | 23 |
| Delområde 3. Hisøy-Rolvsnes.....  | 24 |
| Delområde 4. Goddo.....   | 25 |
| Delområde 5. Rogøy-Sæverudsøy.....  | 26 |
| Delområde 6. Stongjo- Selsfjell- Selsvatnet.....                            | 27 |
| Delområde 7. Innværffjorden.....  | 28 |
| Delområde 8. Storavatnet.....   | 29 |
| Delområde 9. Holetjørna.....  | 30 |
| Delområde 10. Mørkatjødno.....  | 31 |
| Delområde 11. Karihavet.....  | 32 |
| Delområde 12. Melingsvatnet.....  | 33 |
| Delområde 13. Myr/våtmark ved Hallaråker.....                               | 34 |
| Delområde 14. Raugavatnet (Hallaråker).....                                 | 35 |
| Delområde 15. Kjøl (Hallaråker/Sønstabø).....                               | 36 |
| Delområde 16. Sønstabø.....   | 37 |
| Delområde 17. Sørhustjødno (Mæland).....                                    | 38 |
| Delområde 18. Kvednavatnet (vatn ved Tormodsetre).....                      | 39 |
| Delområde 19. Området ved Grimsfjellet.....                                 | 40 |
| Delområde 20. Baståsenområdet.....  | 41 |
| Delområde 21. Trøytarosskjeret.....   | 42 |
| Delområde 22. Otterøya og Hestholmen.....                                   | 43 |
| Delområde 23. Rutsøy-Totlandstjørna.....                                    | 44 |
| Delområde 24. Børøy-Ulvesøy.....  | 45 |

|  |    |
|--|----|
| Delområde 25. Sagvatnet-Skogafjellet.....  | 46 |
| Delområde 26. Olvondo.....   | 47 |
| Delområde 27. Lyngøya-Lyngsøykalven.....   | 48 |
| Delområde 28. Nordøyane-Holsøyane .....  | 49 |
| Delområde 29. Raudholmane-Låterøyområdet (Sørøyane).....   | 50 |
| 5 Vilttrekk på Bømlo.....  | 51 |
| 6 Viltområde og vilttrekk i same kart.....   | 59 |
| 7 Hubrolokalitetar på Bømlo .....  | 61 |
| 8 Faktorar som påverkar viltet .....   | 62 |
| 6 Referansar.....  | 64 |
| Vedlegg-1 Data over amfibium, krypdyr og landlevande pattedyr registrert på Bømlo i artskart frå 2003-2025 ..... | 66 |
| Vedlegg-2 Statusoversikt og registreringar i artskart av rødlista fuglar på Bømlo 2003-2025.....                 | 67 |
| Vedlegg 3- Detaljerte kart over viltområde i den nordlege og sørlege delen av Bømlo kommune.                     | 74 |

## Forord

Dette er ein fagrappport som er bygga på mykje lokal innsats frå interessegrupper og personar med mykje kunnskap om viltet på Bømlo. Det har vore heilt avgjerande for å heve kvalitet på rapporten. Eit stort takk til alle som har bidratt.

Bømlo kommune har vore ein stor hjelp i dette prosjektet. Prosjektansvarlege frå kommunen (Katrine Strand Sæterbø og Berit Hallaråker) har stilt opp og bidratt til å kome i kontakt med interesseorganisasjonar.

Kristine Våge har hatt ansvar for prosjektet på vegne av Faun Naturforvaltning AS. Sindre Greivstad har hatt ansvar for produksjon av kart. Morten Meland har vurdert vilttrekk og kvalitetssikra rapporten.

Vi håper at rapporten kan bidra til auka merksemd for viltområda og hjortetrekk i framtidig arealforvaltning i Bømlo kommune.

Sveio, 15.12.2025

Kristine Våge

# 1 Innleiing

Kartlegging av viltområde er avgjerande for å sikre at artane sine økologiske funksjonar – som beiteområde, trekkvegar, yngleområde og overvintringsområde – blir tekne vare på i eit landskap som stadig endrar seg gjennom utbygging og aukande arealpress. Dette arbeidet er tydeleg forankra i nasjonale føringar: Naturmangfaldlova krev at forvaltninga byggjer på oppdatert kunnskap og bruk av føre-var-prinsippet, viltlova definerer kva artar som skal inngå i viltforvaltninga, og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging understrekar at kommunane skal identifisere og ivareta naturmangfald i all arealplanlegging<sup>1</sup>.

Samstundes er det ei krevjande oppgåve å oppfylle desse krava i praksis. Det kan vere vanskeleg å finne fullstendig og oppdatert informasjon om alle viltartar i ein kommune, då mykje av kunnskapen er spreidd på ulike databasar og rapportar, og ein del observasjonar aldri er registrerte skriftleg. I tillegg er nokre artar vanskelege å oppdage fordi dei er fåtalige, sky eller berre er synlege delar av året. Dette gjer det nødvendig å kombinere eksisterande datagrunnlag med lokal kunnskap.

Bømlo kommune fekk i 2003 utarbeidd rapporten *Viltet i Bømlo*<sup>2</sup>. Denne rapporten har vore sentral for kommunen si natur- og arealforvaltning i over tjue år. Sidan den tid har både naturtilstanden, tilgangen på kart- og artsdata og dei nasjonale føringane for viltforvaltning endra seg vesentleg. Denne rapporten er derfor ei revisjon av det tidlegare arbeidet, med mål om å oppdatere kunnskapsgrunnlaget for vidare forvaltning i kommunen.

Faun Naturforvaltning har fått i oppgåve å gje ei oppdatert vurdering av viltområda og hjortevilttrekk i Bømlo kommune. Det er vert å merke seg at definisjonen av vilt følgjer viltlova §2 og inkluderar «*alle viltlevende landpattedyr og fugler, amfibier og krypdyr*». Metodikken som er nytta for å få oppdatert kunnskap er todelt: innhenting av data frå nasjonale databasar og rapportar, samt omfattande møter og samtalar/intervju med ressurspersonar. Kvart viltområde og hjortevilttrekk er verdisett på bakgrunn av verdsetting etter gjeldande metodikk for konsekvensutgreiing av naturmangfald (rettleiaren M-1941)<sup>3</sup>.

---

<sup>1</sup> Kommunal- og distriktsdepartementet (2023)

<sup>2</sup> Steinsvåg & Overvoll (2003).

<sup>3</sup> Miljødirektoratet (2022)

## 2 Metode

### 2.1 Definisjonar

I denne rapporten blir fleire sentrale fagdefinisjonar nytta. For å sikre tydeleg og einsarta bruk av terminologien, er dei viktigaste definert under.

#### Landskapsøkologiske samanhengar


Omgrepet viser til korleis ulike leveområde heng saman i landskapet. Dette omfattar mellom anna økologiske samband, spreidingsveggar og økologiske nettverk som gjer det mogleg for artar å vandra, søkje ressursar og oppretthalde livskraftige bestandar. Landskapsøkologi handlar difor både om strukturen i landskapet og dei økologiske prosessane som bind områda saman.

#### Funksjonsområde for artar

Eit funksjonsområde er eit avgrensa område som oppfyller ein bestemt økologisk funksjon for ein art. Døme på slike område er beiteområde, hekkeområde, yngleområde, kalvingsområde, overvintringsområde, rasteplassar og spelplassar. Funksjonsområde er avgjerande for artane sine livssyklusar og blir difor vektlagde i naturforvaltninga.

#### Raudlista artar

Norsk raudliste for artar inneheld artar som er vurderte å vere i fare for å døyt ut i Noreg. Artane er plasserte i ulike kategoriar for trugingsstatus, frå livskraftig (LC) til kritisk truga (CR), etter kriterium utvikla av Den internasjonale naturvernunionen (IUCN). Raudlista blir jamleg oppdatert og gir eit grunnlag for å identifisere artar som treng særskilt forvaltningsomsyn.



**Figur 1.** De ulike kategoriene som brukes i regionale røddlisteprosesser etter Den internasjonale naturvernunionen (IUCN) sin metodikk (figur er hentet frå Artsdatabanken).

#### Arter av nasjonal forvaltningsinteresse

Dette datasettet frå Miljødirektoratet inneheld artar som er vurderte å vere særleg relevante for nasjonal forvaltning. Utvalet baserer seg på data frå Artskart og blir sortert etter åtte kriterium under tre forvaltningsnivå. Artane kan vere truga, sårbare, ha viktig økologisk funksjon eller vere konfliktutsette i møte med menneskeleg arealbruk.

#### Ansvarsartar

Ansvarsartar er artar der Noreg har eit særskilt forvaltningsansvar. Dette gjeld artar der minst 25 prosent av den europeiske bestanden finst i Noreg. Døme på slike artar er havørn, svartbak og toppskarv. For slike artar har Noreg ei viktig rolle i å sikre gode leveområde og å bidra til artane si langsiktige overleving på europeisk nivå.

## 2.2 Innhenting av kunnskap om viltet på Bømlo

Det er nytta både kvalitative og kvantitative metodar for å få innsikt i kva område på Bømlo som er viktige for viltet, i ei såkalla brukar-analyse<sup>4</sup>. Dei kvantitative data er basert på innhenting av data frå nasjonale databasedata og rapportar, men gjev ikkje eit godt nok informasjonsgrunnlag. For å betre innsikta på kva områda viltet i Bømlo brukar, vert innhentadata sett i samanheng med lokal kunnskap frå nøkkelpersonar, slik at dei samla vurderingane blir så presise som mogleg.

### A. Kvantitativ metode

#### Gjennomgang av relevante rapportar og søk i nasjonale databasar

Innhenting av eksisterande data vart gjort gjennom ein systematisk gjennomgang av relevante fagrapportar og søk i nasjonale databasar. Den mest sentrale kjelda er rapporten «Viltet i Bømlo» frå 2003<sup>5</sup>, som bygde på ein kombinasjon av lokal kunnskap, eksisterande fagdata og feltregistreringar. Informasjonen frå denne rapporten er brukt som eit grunnlag i den nye kartlegginga og fungerer som referansepunkt for å vurdere endringar i naturtilstand og datagrunnlaget.

Andre rapportar som er nytta for å innhente informasjon, er mellom anna: kartlegging av hekkestadar for hønehauk i Bømlo og Sveio kommunar, Hordaland<sup>6</sup>, Planomtale: Reguleringsplan Fv. 541 Ekornsæter – Sakseid<sup>7</sup>, Konsekvensutgreiing: Ny vegtrasé frå Ekornsæter til Sakseid<sup>8</sup>.

I tillegg er det gjort søk i fleire nasjonale databasar som gir tilgang til artsobservasjonar, naturtyperegistreringar, verneområde og anna økologisk informasjon som er relevant for viltkartlegginga. Desse omfattar Artskart og Artsobservasjonar (Artsdatabanken/GBIF), Naturbase (Miljødirektoratet), Fylkesatlas (Vestland fylkeskommune) og Hjorteviltregisteret.

Datagrunnlaget frå desse databasane er lasta ned og samla i vedlegg 1 og vedlegg 2. Vedlegg 1 visar registreringar av reptiler, krypdyr og landlevande pattedyr og vedlegg 2 synar registrerte raudlista fugleartar sidan 2003. I tillegg har BirdLife Norge, lokallag Sunnhordland (heretter omtalt som BirdLife) kome med si vurdering.

Data frå Artskart og Artsobservasjonar inneheld observasjonar frå både fagpersonar og privatpersonar. Slike data kan vere prega av usikkerheit grunna ulik fagkompetanse, mogleg feilbestemming av artar og varierende geografisk presisjon. Nokre observasjonar er knytte til grove rutenett i staden for nøyaktige koordinatar, og innsatsen i ulike område varierer. Fråvær av registreringar betyr difor ikkje nødvendigvis fråvær av arten. Gamle, dupliserte eller ikkje kvalitetssikra observasjonar kan òg påverke datakvaliteten.

<sup>4</sup> Thomas T. Barker (2003)

<sup>5</sup> Steinsvåg, & Overvoll,(2003).

<sup>6</sup> Steinsvåg.(2002)

<sup>7</sup> Statens vegvesen. (2020). *Planomtale: Reguleringsplan Fv. 541 Ekornsæter – Sak*

<sup>8</sup> Statens vegvesen. (2019). *Konsekvensutgreiing: Ny vegtrasé frå Ekornsæter til Sakseid.*

## **Gjennomgang av flyfoto og synfaringar for å sjekke påverknader på viltområda og vilttrekka**

For å kartleggje endringar i arealbruk på dei eksisterande viltområde kartlagd i 2003 vart det gjennomført ei samanlikning av historiske og nyare flyfoto/ortofoto av kommunen. Bilete frå 2003 og fram til i dag vart vurderte med sikte på å avdekke større inngrep eller landskapsendringar som vil gjere at utforminga av området må endrast eller at området må ikkje inkluderas. Det vart også gjennomført ei synfaring den 29. oktober, der områda på Meling og Halleråker vert besøkt. Dette for å eit betre inntrykk av lokalitetane, i tillegg til å kontrollere om arealendringar har påverka tidlegare kartlagde viltområde. Under feltarbeidet vart det teke bilete av fleire lokalitetar for å dokumentere tilstanden i dag.

Informasjon frå medverknadsmøtet om vilttrekk vart sett saman med flyfoto, AR5-arealressurskart, topografiske kart og registrerte viltpåkjørsler frå hjorteviltregisteret<sup>9</sup>.

### **B. Kvalitativ metode: Medverknadsmøter og intervju av lokale ressurspersonar**

For å sikre eit lokalt forankra og oppdatert kunnskapsgrunnlag vart det gjennomført fleire former for medverknad og innhenting av erfaringsbasert kunnskap frå ressurspersonar i kommunen. Arbeidet kombinerte både strukturerte medverknadsmøter i form av en workshop og semistrukturerte samtalar/intervju.

Det første medverknadsmøte var med BirdLife Norge Sunnhordland lokallag (heretter kalla BirdLife) den 16.9.2025. Dei som var deltakarar hadde med lang erfaring innan ornitologi og har lokalkunnskap om viktige fugleområder på Bømlo. Målet med workshop/gruppearbeidet var at dei skulle teikne inn viktige hekkeområder, trekkruiter, rasteplasser og beiteområder som både stasjonær og trekkjande fugl brukar. Dei teikna dette inn på store papirkart. Dei vert også spurt om kva utfordringar viltet har og da særleg med fokus på fugl.

Det var gjennomført liknande medverknadsmøte for hjort 18.9.2025. Her var representantar frå dei ulike valdane inviterte, men også dei som går ettersøk etter skada eller påskoten hjort. Gruppa vart delt i to der ei var representantar frå den nordlege delen av Bømlo (frå kuleseid kanalen og nord) den andre gruppa var representantar frå den sørlege delen av Bømlo (Frå kuleseidkanalen og sørover). Målet med workshopen var at deltakarane fekk høve til å teikne inn viktige leve- og funksjonsområde og trekkveggar for hjort direkte på kart for sitt område. Det vart også opna for innspel knytte til andre viltartar i kommunen for eksempel oter, hare og orrfugl. Deltakarane teikna inn kvar dei hadde observert dei ulike artane i kommunen. Så kom dei med sine meiningar om kva som er utfordringar til viltet i kommunen.

---

<sup>9</sup> Kartgrunnlag: Kartverket (WMS), NIBIO (AR5), [www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no) (viltpåkjørsler).



**Figur 2.** Bilete som synar medverknadsmøte med representantar frå jaktvald i Bømlo kommune

Etter medverknadsmøta hadde vore gjennomført vart det som supplement gjennomført uformelle og semistrukturerte intervju med lokale ressurspersonar som kjenner viltet på Bømlo godt. Dei lokale ressurspersonane var:

- Ivar Turøy (leiar Bømlo jakt og fiskelag)
- Njål Gunnar Slettebø (tidlegare landbruksjef og miljøansvarleg i Bømlo kommune)
- Magnus Johan Steinsvåg (seniorrådgjevar hos Statsforvaltaren i vestland og ansvarleg for førre viltrapport i 2003)
- Medlemar av BirdLife

Målet med samtala/intervjua var å gå gjennom informasjonen på karta som vert teikna inn under medverknadsmøta (gjere ein kvalitetssjekk), gje dei moglegheit til å kome med ny informasjon/teikne inn i kartet og kome med si mening om kva som er utfordringane for viltet.

Etter at Faun utarbeida førsteutkast til rapporten, vart den sendt på høyringsrunde til BirdLife og Bømlo jakt og fiskelag. Dei fekk moglegheit til å rette opp feil/manglar og kome med nye forslag.

### 2.3 Kartfesting av viltområde og hjortevilttrekk

Framstilling av viltområde og vilttrekk er gjort ved hjelp av QGIS, der WMS-kartlag frå kartverket og andre offentlege datakjelder er nytta for å sikre ei oppdatert og presis geografisk framstilling<sup>10</sup>.

Trekkvegar er kartfesta som linjer, men i kartframstillinga er dei viste som polygonar med ein standard breidde på 200 meter (100 meter buffer på kvar side). Dette er gjort fordi eksakt plassering av trekket ikkje alltid er kjend, og fordi trekkrutene må vere tilstrekkeleg vide for å reflektere variasjon i dyra si rørsle og terrengbruk.

### 2.4 Verdisetjing av viltområde og hjortevilttrekk

Rettleiaren M-1941 – Konsekvensutredning for klima og miljø er brukt som metodisk grunnlag for å verdivurdere både viltområde og vilttrekk. Rettleiaren har som formål å gi kommunar og regionale myndigheiter ei einsarta og fagleg forankra rettleiing i korleis ein skal kartleggje, beskrive og vurdere verdiar knytte til biologisk mangfald i plan- og arealforvaltninga. Metodikken legg vekt på å identifisere økologiske funksjonar, grad av påverknad, sårbarheit og kva betydning eit område har i ein større landskapsøkologisk samanheng.

Verdikriteria i M-1941 plasserer område i ein av følgjande kategoriar: «svært stor verdi», «stor verdi», «middels verdi», «noko verdi» og «ubetydeleg verdi». Kriteria for dei ulike verdiane er lista i tabellen under (Tabell 1). I denne rapporten er det nytta tre hovudkategoriar ved verdivurderinga:

1. «Vern og område med bandlegging» til verdisetjing av viltområde
2. «Arter med økologiske funksjonsområde» til verdisetjing av viltområde
3. «Landskapsøkologiske samanhengar» til verdisetjing av hjortetrek

Det er verdt å merke seg at naturreservat eigentleg ikkje skal omfattast i vurderingane etter M-1941-rettleiaren. Naturreservat er likevel inkluderte i denne rapporten for å gi ein heilskapleg framstilling av dei viktigaste viltområda i kommunen og korleis dei inngår i eit samla økologisk nettverk.

---

<sup>10</sup> QGIS Development Team. (2023). *QGIS Geographic Information System*. Open Source Geospatial Foundation.

**Tabell 1.** Verdikriterier for viltområder og vilttrekk i viltrapport for Bømlo kommune. Viltkriteriene er hentet frå rettleiar MD-1941.

| Verdikriterier                         | Uten betydning for KU | Noe verdi   | Middels verdi  | Stor verdi   | Svært stor verdi   |
|--|-----------------------|---|--|--|--|
| Vern og områder med båndlegging        |                       |   |  |  | Verdensarv<br>Områder vernet etter naturmangfoldloven<br>Foreslåtte verneområder<br>Utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven § 52  |
| Arter med økologiske funksjons-områder |                       | <p>Alminnelige og vidt utbrede arter og deres funksjonsområde</p> <p>Anadrom fisk:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Vassdrag med sporadisk forekomst av anadrom fisk (ikke stedegen bestand)</li> </ul> <p>Innlandsfisk:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Små bestander uten spesielle verdier</li> <li>Naturlig lite egnede forhold i innsjø/elv for fisk</li> </ul> | <p>Nær trua (NT) arter og deres funksjonsområde</p> <p>Fastsatte bygdenære områder som grenser til viktige funksjon-sområder for villrein.</p> <p>Anadrom fisk:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Laks/sjørret: Vassdrag med små bestander</li> <li>Sjørøye: Mindre bestand</li> <li>Middels potensial for smoltprod.</li> </ul> <p>Innlandsfisk:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Vassdrag med fiskebestander av regional/lokal verdi</li> </ul> | <p>Sårbare (VU) arter og deres funksjonsområde</p> <p>Spesielt hensynskrevende arter og deres funksjonsområde</p> <p>Fastsatte randområder til de nasjonale villrein-områdene</p> <p>Viktige funksjonsområder for villrein i de 14 øvrige villreinområdene (ikke nasjonale)</p> <p>Anadrom fisk:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Laks/sjørret: vassdrag med middels store bestander</li> <li>Sjørøye: Livskraftig bestand</li> <li>Godt potensial for smoltprod.</li> </ul> <p>Innlandsfisk:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Langtvandrende bestand av harr, ørret og sik</li> <li>Vassdrag (potensielt) høyproduktive for ørret, røye eller sik</li> <li>Andre storørretbest.</li> <li>Vassdrag med stor andel storvokst ørret</li> </ul> | <p>Fredede arter og deres funksjonsområde</p> <p>Prioriterte arter (med eventuelt forskriftsfestet funksjonsområde)</p> <p>Sterkt truet (EN) og kritisk truet (CR) arter og deres funksjonsområde</p> <p>Nasjonale villreinområder</p> <p>Lokaliteter med relikl laks</p> <p>Anadrom fisk:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Nasjonale laksevassdrag</li> <li>Andre spesielt verdifulle laksevassdrag (f.eks. storvokst laks)</li> <li>Sjørret: stor bestand</li> <li>Sjørøye: Rent elvelevende best.</li> <li>Stort potensial for smoltprod.</li> </ul> <p>Innlandsfisk: Spesielt verdifulle storørret-bestander</p> |
| Landskaps-økologiske sammen-henger     |                       | Naturområder og naturstrukturer som binder sammen funksjonsområder for vanlig forekommende arter  | <p>Lokalt viktige vilt- og fugletrekk</p> <p>Delvis intakte naturområder og naturstrukturer som er trekk-, vandrings- og forflytningskorridorer for a) et høyt antall arter eller b) for definerte grupper av arter (eks: amfibier, pollinatorer)</p> <p>Naturområder og naturstrukturer som bidrar til å binde sammen nøkkelområder for økologiske prosesser i økosystemene</p>   | <p>Regionalt/nasjonalt viktige områder for vilt- og fugletrekk.</p> <p>Intakte sammenhenger mellom eller i tilknytning til større naturområder som har en viktig funksjon som forflytnings- og spredningskorridor for arter</p> <p>Områder som bidrar til sammenbinding av verneområder eller dokumenterte funksjonsområder for arter med stor eller svært stor verdi.</p> <p>Lengre elvestrekninger med langtvandrende fiskebestander.</p>  | Særlig store og nasjonalt/internasjonalt viktige trekkruiter.  |

## 3 Resultat

### Del 1: Presentasjon av kvantitative data

Resultata frå innhenta data frå nasjonale databasar vert presentert her og samanlikna med tidlegare funn frå 2003.

#### Amfibium og krypdyr

Det finst generelt lite informasjon i databasane om amfibium og krypdyr på Bømlo.

Det krypdyret som er registrert flest gonger er hoggorm, som framstår som det vanlegaste krypdyret i materialet. Arten er registrert jamleg gjennom perioden. Dette samsvarar med kjent utbreiing og økologi for hoggorm, som er vanleg i kystnære og sørvendte område på Vestlandet. Vidare er det registrert funn av stålorm og nordfirfisle, samt nokre uspesifiserte funn av firfisler. Talet på registreringar er lågt, noko som truleg reflekterer både låg oppdagingssevne og avgrensa målretta kartlegging, heller enn reell sjeldanheit.

På Bømlo er det tidlegare kun registrert eit amfibium; nordpadde og det stemmer godt med data frå artskart. Den er registrert jamt dei siste 20-åra og er truleg framleis ein vanleg art. Mangelen på fleire registreringar skuldast nok at slike artar i liten grad vert rapporterte.

#### Pattedyr

Data frå Artskart for perioden 2005–2025 viser at det er registrert eit relativt breitt spekter av landlevande pattedyr i Bømlo kommune, men med store skilnader i talet på funn mellom artane. Nokre vanlege og synlege artar, som ekorn, piggsvin, oter og mink, er registrerte med mange funn og jamn førekomst over fleire år. Dette tyder på at desse artane er godt etablerte i kommunen og ofte vert observerte og rapporterte. Hare er òg registrert, men med færre funn, noko som kan reflektere både reell førekomst og varierende rapporteringsgrad. Fleire små pattedyr, som krattspissmus, markmus, småskogmus, storskogmus og vånd, er berre registrerte med einskilde funn. Dette er truleg eit resultat av låg oppdagingssevne og lite målretta kartlegging, heller enn faktisk sjeldanheit.

Det kan vere verdt å merke seg at det ikkje er registrert dvergspissmus i Artskart, sjølv om arten i 2003 vart omtala som truleg relativt vanleg. Det er heller ikkje registrert klatremus. Sistnemnde art vart òg omtala i 2003 som truleg relativt vanleg. Det er også få flaggermusartar som er registrerte i artskart, kun nordflaggermus. I førre viltrapport vart det omtala 4 artar. Det er generelt vanskeleg å artsbestemme flaggermus ettersom det som regel krev bruk av ultralydustyr (sonar).

Av nye registreringar er det gjort eitt funn av vånd, òg kjend som vannrotte. Det er vidare registrert både storskogmus og småskogmus. Desse artane er svært like i utsjånad, storleik og åtferd, og vert ofte forveksla. Det er difor usikkert om begge artane faktisk finst i kommunen, eller om registreringane gjeld same art.

Under medverknadsmøta med interesseorganisasjonane kom det fram fleire gonger at fleire observerer oter og mindre mink. Dette stemmer godt overeins med nasjonal forskning<sup>11</sup>.

<sup>11</sup> Aanes, M., Geving, M., & Erikstad, K. E. (2024)

## Hjort

Hjorten er den einaste etablerte arten av hjortevilt på Bømlo, og utgjer ein viktig jaktressurs. Forvaltninga av hjort vert gjort gjennom at kommunen tildeler godkjente jaktvald eit visst tal fellingsløyve årleg. Nokre større jaktvald får tildelt fellingsløyve for fleire år, etter ein godkjent bestandsplan. Minstearealet er fastsett til 750 daa. Det føreligg også ein kommunal forvaltningsplan for hjort vedteken i 2014, med målsettingar for vidare forvaltning. I 2025 vart det gjeve fellingsløyve på 241 hjort, og jakta er ikkje avslutta i skrivande stund. I 2024 vart det felt 161 hjort av ei kvote på 263, tilsvarande ei fellingsprosent på 61. Sidan 2020 er det felt noko i underkant av 200 hjort årleg (figur 3,A).


Observasjonar frå jakt (sett-hjort registreringar) syner ei svak auke i mengda hjort som vert sett i høve til jaktinnsatsen frå og med 2022 (figur 3, B). Utviklinga samanfall for jaktregistreringar for jakt på innmark og utmark.

Det er og lokale forskjellar i tettleik av hjort. I fylgje saksutgreiing for tildeling av fellingsløyve for hjort i Bømlo i 2025, meiner ein at det er meir hjort i nord og sør i kommunen, og noko mindre hjort midt på øya<sup>12</sup>. I medverknadsmøte med jaktvalda i kommunen var inntrykket at hjortebestanden er svært varierende, avhengig av kva del av Bømlo det var snakk om. Det blei uttrykt særleg bekymring for bestanden på nordsida av øya, der fleire opplever at hjortetalet har gått kraftig ned. Søre del av Bømlo var inntrykket at bestanden er meir uendra. I sør finst også store intakte skogområde for hjorten.

Storleiken på årsleveområda til hjorten på Bømlo har ein avgrensa kunnskap om, men ein antek at hjorten i hovudsak oppheld seg i kommunen gjennom heile året. Hjorten som svømmer inn frå nabokommunane Stord, Fitjar og Sveio, synast å etablere seg i kommunen. Trekkaktiviteten er altså i hovudsak lokal, mellom sommar- og vinterbeiteområde og trekkaktivitet i samband med brunst om hausten. Ein antek også at hjorten oppheld seg gjennom heile året i ein del område.

---

<sup>12</sup> Bømlo kommune 2025. hente frå [\[CasesFremlegg\]](#)



**Figur 3.** A: Tal felte hjort per år i perioden 2015-2024 for Bømlo kommune, B; Sett hjort per jegerdag i høve utmarksjakt. Figurane er basert på data frå hjorteviltregisteret.

## Fuglar

Fuglar er den gruppa med flest artsregistreringar på Bømlo. I tidsrommet 2003–2025 er det totalt registrert 269 artar. Nokre av desse registreringane er berre einskildfunn, medan andre artar har jamlege observasjonar årleg.

Det kan vere vanskeleg å avgjere kva for artar som hekkar, overvintrar eller berre opptrer som trekkgjester. For å vurdere dette må ein sjå registreringane i samanheng med tidspunkt på året. Dersom ein art til dømes berre er registrert om våren og hausten, vert han tolka som ein rein trekkgjest. Er arten registrert om sommaren, kan han vere hekkande. Datamaterialet er difor kvalitetssikra opp mot vurderingar frå BirdLife, og resultatane er presenterte i vedlegg 2.

Tabell 2 syner kva for raudlista artar som hekkar, eller som potensielt hekkar, på Bømlo. Av dei artane ein med stor grad av sikkerheit veit hekkar, finst det ein kategorien kritisk trua (CR), vipa. Det er fire artar i kategorien sterkt trua (EN): hubro, makrellterne, storspove og svartstrupe. Heile åtte artar i kategorien sårbar (VU): granmeis, grønnfink, gråmåke, hønehauk, sandsvale, tyvjo og ærfugl. Til slutt tolv artar i kategorien nær trua (NT). Arter i denne kategorien er ikkje direkte truga, men kategorien er ei varselampe for artar som kan bli trua dersom utviklinga held fram. Dei nær truga artane som hekkar på Bømlo er: gjøk, gresshoppesanger, gråspurv, mellomskarv (*sinensis*), rødstilk, storskarv (*carbo*), stær, taksvale, teist, tjeld, tyrkerdue og tårnseiler.

Artar med usikker hekkestatus er kategoriserte på bakgrunn av observasjonar som til dømes syngjande hannar utan påvist hekking, eller artar som har hekka tidlegare, men der det manglar nyare funn. Eit døme på kritisk truga art som er åkerriksa. BirdLife informera at åkerriksa er sjeldan på Bømlo, men syngjande hannar blir registrerte i Melingskrinsen. Hekkeforsøk kan ikkje utelukkast, men er heller ikkje påvist.

**Tabell 2.** Oversikt over hekkende og mogleg hekkende rødlistearter på Bømlo. Data er kvalitetssikra opp mot BirdLife.

| Norsk namn                      | Vitskapleg namn                     | Rødliste-status | Hekker               |
|---------------------------------|-------------------------------------|-----------------|----------------------|
| vipe                            | <i>Vanellus vanellus</i>            | CR              | JA                   |
| hubro                           | <i>Bubo bubo</i>                    | EN              | JA                   |
| makrellterne                    | <i>Sterna hirundo</i>               | EN              | JA                   |
| storspove                       | <i>Numenius arquata</i>             | EN              | JA                   |
| svartstrupe                     | <i>Saxicola rubicola</i>            | EN              | JA                   |
| fiskemåke                       | <i>Larus canus</i>                  | VU              | JA                   |
| granmeis                        | <i>Poecile montanus</i>             | VU              | JA                   |
| grønnfink                       | <i>Chloris chloris</i>              | VU              | JA                   |
| gråmåke                         | <i>Larus argentatus</i>             | VU              | JA                   |
| hønehauk                        | <i>Accipiter gentilis</i>           | VU              | JA                   |
| sandsvale                       | <i>Riparia riparia</i>              | VU              | JA                   |
| tyvjo                           | <i>Stercorarius parasiticus</i>     | VU              | JA                   |
| ærfugl                          | <i>Somateria mollissima</i>         | VU              | JA                   |
| gjøk                            | <i>Cuculus canorus</i>              | NT              | JA                   |
| gresshoppesanger                | <i>Locustella naevia</i>            | NT              | JA                   |
| gråspurv                        | <i>Passer domesticus</i>            | NT              | JA                   |
| mellomskarv ( <i>sinensis</i> ) | <i>Phalacrocorax carbo sinensis</i> | NT              | JA                   |
| rødstilk                        | <i>Tringa totanus</i>               | NT              | JA                   |
| storskarv ( <i>carbo</i> )      | <i>Phalacrocorax carbo carbo</i>    | NT              | JA                   |
| stær                            | <i>Sturnus vulgaris</i>             | NT              | JA                   |
| taksvale                        | <i>Delichon urbicum</i>             | NT              | JA                   |
| teist                           | <i>Cepphus grylle</i>               | NT              | JA                   |
| tjeld                           | <i>Haematopus ostralegus</i>        | NT              | JA                   |
| tyrkerdue                       | <i>Streptopelia decaocto</i>        | NT              | JA                   |
| tårnseiler                      | <i>Apus apus</i>                    | NT              | JA                   |
| åkerrikse                       | <i>Crex crex</i>                    | CR              | Mogleg, men usikkert |
| hettemåke                       | <i>Chroicocephalus ridibundus</i>   | CR              | Mogleg, men usikkert |
| dvergdykker                     | <i>Tachybaptus ruficollis</i>       | EN              | Mogleg, men usikkert |
| havhest                         | <i>Fulmarus glacialis</i>           | EN              | Mogleg, men usikkert |
| lunde                           | <i>Fratercula arctica</i>           | EN              | Mogleg, men usikkert |
| myrrikse                        | <i>Porzana porzana</i>              | EN              | Mogleg, men usikkert |
| alke                            | <i>Alca torda</i>                   | VU              | Mogleg, men usikkert |
| sivhøne                         | <i>Gallinula chloropus</i>          | VU              | Mogleg, men usikkert |
| rosenfink                       | <i>Carpodacus erythrinus</i>        | NT              | Mogleg, men usikkert |
| småspove                        | <i>Numenius phaeopus</i>            | NT              | Mogleg, men usikkert |

Tabell 3 synar kva for ansvarsartar som er å finne på Bømlo. Som tidlegare nemn så er dette artar der Noreg har eit særskilt forvaltningsansvar, dvs. sikre gode leveområde og å bidra til artane si langsiktige overleving på europeisk nivå. Ein finn mellom anna ansvarsartane; bergirisk, dvergfalk, furukorsnebb, gråsisik, gråtrost, havørn, heipiplerke, skjærpiplerke, svartbak og toppskarv.

**Tabell 3.** Oversikt over ansvarsartar som ein kan finne på Bømlo. Informasjon om artane hekkar, trekkjer eller overvintrar er basert på informasjon frå BirdLife.

| Norsk namn       | Vitskapeleg namn                 | Hekker | Trekkgjest | Overvintring |
|------------------|----------------------------------|--------|------------|--------------|
| bergirisk        | <i>Carduelis flavirostris</i>    | Ja     | Ja         |              |
| dvergfalk        | <i>Falco columbarius</i>         | Ja     | Ja         | Ja           |
| furukorsnebb     | <i>Loxia pytyopsittacus</i>      | Ja     | Ja         | Ja           |
| gråsisik         | <i>Carduelis flammea</i>         | Ja     | Ja         | Ja           |
| gråtrost         | <i>Turdus pilaris</i>            | Ja     | Ja         | Ja           |
| havørn           | <i>Haliaeetus albicilla</i>      | Ja     |            | Ja           |
| heipiplerke      | <i>Anthus pratensis</i>          | Ja     | Ja         | Ja           |
| skjærpiplerke    | <i>Anthus petrosus</i>           | Ja     | Ja         | Ja           |
| svartbak         | <i>Larus marinus</i>             | Ja     | Ja         |              |
| toppskarv        | <i>Phalacrocorax aristotelis</i> | Ja     |            | Ja           |
| Lunde            | <i>Fratercula arctica</i>        | Truleg | Ja         | Ja           |
| bjørkefink       | <i>Fringilla montifringilla</i>  |        | Ja         | Ja           |
| blåstrupe        | <i>Luscinia svecica</i>          |        | Ja         |              |
| boltit           | <i>Pluvialis morinellus</i>      |        | Ja         |              |
| dobbeltebekkasin | <i>Gallinago media</i>           |        | Ja         |              |
| dvergsnipe       | <i>Calidris minuta</i>           |        | Ja         |              |
| fjellvåk         | <i>Buteo lagopus</i>             |        | Ja         |              |
| gulnebbblom      | <i>Gavia adamsii</i>             |        | Ja         |              |
| heilo            | <i>Pluvialis apricaria</i>       |        | Ja         |              |
| jordugle         | <i>Asio flammeus</i>             |        | Ja         |              |
| lappiplerke      | <i>Anthus cervinus</i>           |        | Ja         |              |
| lappspove        | <i>Numenius lapponicus</i>       |        | Ja         |              |
| lappspurv        | <i>Calcarius lapponicus</i>      |        | Ja         |              |
| steinvender      | <i>Arenaria interpres</i>        |        | Ja         |              |
| temmincksnipe    | <i>Calidris temminckii</i>       |        | Ja         |              |
| tundrasædgås     | <i>Anser serrirostris</i>        |        | Ja         |              |

## Del 2. Hovudfunn frå innsiktsarbeidet (kvalitative data)

I denne delen av resultatata blir dei viktigaste funna frå kvalitative analysane presenterte – altså informasjonen vi har fått gjennom samtalar/intervju og møte med interessegrupper og nøkkelpersonar.

Nokre av dei viktigaste funna var:

- Status på alle fugleartar i kommunen; kva for nokre hekkar, overvintrar og er trekkande (sjå vedlegg 2).
- Statusvurdering av eksisterande viltområda
- Innspel til hjortetrekk
- Status på bestanden av hjort på Bømlo
- Innspel på viktige hjorteområde
- Innspel til viktige fugleområde
- Oppdaterte hubro-lokalitetar
- Informasjon om bruken av naturreservat

I tillegg til dei konkrete tilbakemeldingane som er presenterte ovanfor, synte samtalanane at fleire overordna tema gjekk att på tvers av aktørar og møte. Desse temaa representerer ikkje einsskilde innspel, men fellestrekk i kva informantane opplever som særleg viktige utfordringar og omsyn knytte til viltet på Bømlo. Det var særleg to tema som skilte seg ut og desse vert illustrerte gjennom sitat i avsnitta nedanfor:

*«Du, som ikkje bur her, har ikkje moglegheit til å vite noko om kva område som er viktig for fuglane her på Bømlo.»*

Uttalen kom frå medlemmar i BirdLife, og viser eit gjennomgåande funn: dei nasjonale databasane gir isolert sett ikkje eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for vilt. Data er ofte gamle, mangelfulle eller ikkje reviderte.

Som følgje av dette er det avgjerande å identifisere og involvere lokale aktørar med god innsikt, då dei som regel sit på den mest relevante og oppdaterte informasjonen. Innsiktsarbeidet viste òg at éi runde med medverknad sjeldan er nok.

Under medverknadsmøta vart det òg spurt om kva påverknader frå innbyggjarane som har størst innverknad på viltet. Turstiar og menneskeleg ferdsel var temaet som vart nemnt oftast:

*«Det er altfor mykje turveggar på Bømlo, dei øydelegg for viltet.»*

*«Eg jakta i to dagar med regn. Då var det ingen som gjekk på tur, og plutselig såg eg mykje meir hjort enn det eg vanlegvis gjer.»*

Desse sitata peikar mot eit viktig deltema: menneskeleg aktivitet i naturen påverkar viltet, og dette bør vurderast nøye i vidare planlegging. Difor er dette teke inn som eit eige tema i kapittel 8.

### **Del 3: Utforming og presentasjon av viltområde og hjortetrek på Bømlo**


Innsikta vi fekk gjennom dei kvantitative og kvalitative analysane danna grunnlaget for utforminga av viltområda og hjortevilttrekka i kommunen. Sidan det ikkje er mogleg å kartleggje alle artar og område i detalj, har arbeidet vore retta mot dei viktigaste artane og områda i forvaltninga.

I vurderingane er artar med høg forvaltningsverdi – særleg hjort – prioriterte, i tråd med nasjonale anbefalingar. I tillegg er det fokus på truga og sårbare artar (raudlisteartar) i viltområda. Grupper som amfibier, krypdyr og arter av pattedyr har ein dårlegare datagrunnlag på, jf. vedlegg 1. Det er difor vore ei fokus å heller inkludere moglege leveområde.

Dette har resultert i utforming av 29 viltområder og 29 hjortetrek i Bømlo kommune. I dei neste kapitla (4-6) vert kvart viltområde og hjortetrek presentert og gitt ein verdi.

## 4 Viltområder på Bømlo

I dette kapittelet er alle viltområde skildra og utforminga av kvart område er syna i kart (figur 4). vedlegg 3 synar også meir detaljerte kart.



**Figur 4.** Presentasjon av viktige viltområder i Bømlo kommune 2025. Kart er utarbeida av Faun.

### Delområde 1. Sæingen–Slåtterøy

Sæingen er det nordlegaste viltområdet på Bømlo og er ei vidareføring av området som vart kartlagt i 2003. Området består i hovudsak av store sjøareal, supplert med mindre holmar og skjer lengst i sør (figur 5). Den opne plasseringa mot havet og den fragmenterte øystrukturen gjev gode vilkår for sjøfugl gjennom heile året.


Viltområdet er særleg viktig som myteområde for ærfugl (VU). Det er også eit godt område for overvintrande svartand og havelle.

Sæingen vart oppretta som sjøfuglreservat i 1987. Vernet vart etablert for å sikre ein større sildemåkekoloni og gode førekomstar av gråmåse og svartbak. I tillegg fungerer holmane i sørlege delar av området, som hekkelokalitet for fleire sjøfuglartar, særleg gråmåse og svartbak. Data frå 2024 viste 62 hekkande par med gråmåse, eitt par med sildemåsar og fem par med svartbak<sup>13</sup>.

Artsregistreringar frå Artskart viser førekomstar av følgjande sjøfuglartar i og rundt området: tjeld (NT), ærfugl (VU), gråmåse (VU), havelle (NT), sildemåke (LC), svartbak (LC), toppskarv (LC).

Det samla artsmangfaldet og førekomsten av fleire raudlista artar viser at området har stor økologisk betydning for sjøfugl i kommunen.

Sæingen–Slåtterøy blir vurdert som eit viktig funksjonsområde for sårbare artar (VU), i tillegg til at området inneheld eit naturreservat. På bakgrunn av dette, og i tråd med verdikriteria i M1941, blir området gitt «stor verdi».



**Figur 5.** A. Oversiktsbilete av delområde 1- Sæingen-Slåtterøy. B. Bilete synar øyane som utgjer viltområdet. Foto: Katrine Strand Sæterbø.

<sup>13</sup> Dataene stammer fra SEAPOP-prosjektet (SEAPOP, 2024).

## Delområde 2. Koløy

Reservatet utgjør den nordvestre delen av øya Koløy. Holmen er relativt høy og dekt av lyngvegetasjon på grunnlendt mark (figur 6). Lyngheia er i dag tilgrodd, og også prega av ein god del innplanta sitkagran og bergfuru. Utgangspunktet for vernet var ein relativt stor ternekoloni (100 par i 1979, 35 par i 1981). I tillegg hekka det 15 par gråmåse og 15 par fiskemåse. Det har ikkje vore teikn til hekking av sjøfugl i kolonipreg sidan området vart verna<sup>14</sup>

Ettersom dette er eit naturreservat får området automatisk ein «svært stor» verdi jf. tabell 1.



**Figur 6.** A. Oversiktsbilete av delområde 2- Koløy. B. Synar landskapet på Koløy. Foto: Katrine Strand Sæterbø.


<sup>14</sup> Informasjon er henta frå skildring i faktaark for naturreservatet <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001662>].

### Delområde 3. Hisøy-Rolvsnes

Viltområdet inkluderer Geitøya, Røyroya, Hisøya og deler av Rolvsnes (figur 7). Det er ei vidareføring av viltområdet frå førre viltrapport. Landskapet er noko variert der ein på Hisøy finn mykje buskfu, men også varmekjære lauvtreslag som bok, eik, alm, lind og or. Kring Rolvsnes finn ein i hovudsak kystlynghei.

I førre viltrapport vart forekomst av hønehauk (VU) og hubro (EN) i området vektlagt. Dette er framleis aktuelt. Innslaget av lauvtre på Hisøy gjev truleg eit godt grunnlag for fleire artar av sporvefugl. I artskart er det registrert artar som gråspett (LC), granmeis (VU) og grønnefink (VU).

Området er hekke- og leveområdet for hubro (EN) og mogleg hønehauk (VU). Verdien er vurdert til å vera «stor».



**Figur 7.** A. Oversiktsbilete over delområde 3- Hisøy-Rolvsnes, B. Bilete som synar landskapet i den sørlege delen av viltområdet.

#### Delområde 4. Goddo

Dette er eit nytt viltområde som er inkludert i denne reviderte viltrapporten. Goddo er den nest største øya på Bømlo og ligg nord i kommunen. Viltområdet har eit terrenget som er ope med variasjon av myr, små tjern, knausar, berg og lynginnslag pregar øya (figur 8). Det er få inngrep og menneskelege forstyrningar, anna enn turstiar i området. Området er leveområde for vandrefalk (LC), havørn (LC) og eit viktig område for hekkande orrfugl (LC). Det er også eit hekkeområde for svartstrupe (EN). Området er eit viktig leveområde for hjort, hare (NT), oter og røyskatt.

Sjølv om det er få truga artar som lever her, er Goddo eit viktig funksjonsområdet for mange viltartar. Det er leveområdet for rovfugl og det er også registrert hekkande svartstrupe (EN). Verdien er difor satt til «stor».



Figur 8. A. oversiktsbilete frå viltområde 4-Goddo, B. Døme landskapet i viltområdet.

### Delområde 5. Rogøy-Sæverudsøy

Viltområdet er lokalisert sørvest for Goddo. Det er ei vidareføring av viltområdet frå førre viltrapport. Det består av sjøareal med holmar, øyer og skjær (figur 9). Mindre areal er tilplanta med buskfuru, elles er landarealet prega av lynghei. I førre rapport vart det omtalt som eit viktig beiteområde for sjøfugl, spesielt på vinterstid.

I tillegg til leveområde for rovfuglar som hønehauk (VU), vandrefalk (LC) og havørn (LC). Området er peika på som eit hekkeområde for hubro (EN).

Viltområdet inkluderer òg Måksteinen/Mokstein. Her vart det i 2024 telt 124 par gråmåse, 58 par sildemåse, 19 par svartbak og 44 par storskarv.<sup>15</sup>På Klekkjesteinane vart det talt 11 par svartbak.

Nokre av dei andre artane som er registrert i området er: makrellterne (EN), ærfugl (VU) og tyvjo (VU). Tyvjo er ein sjeldan art i regionen. Det er også observert oter (LC) på holmane i området.

Viktig beiteområde for sjøfugl. Viktig leveområde for artar med regional- og nasjonal interesse. Verdien vert difor satt til «stor».



**Figur 9.** A. Oversiktsbilete av Rogøy-Sæverudsøy. B. Landskapet i midt/sørlege delen av området. Foto: Katrine Strand Sæterbø.


<sup>15</sup> Dataene stammer fra SEAPOPOP-prosjektet (SEAPOPOP, 2024).

### Delområde 6. Stongjo- Selsfjell- Selsvatnet

Dette er eit nytt viltområde som er inkludera i revisjonen av viltrapporten. Stongjo er ei halvøy som ligger mellom Selsfjorden og Urangsvågen (figur 10). Terrenget består av myr, små tjern, skog. Det er eit relativt uberørt naturområde med lite turstiar. Dette er ein del av funksjonsområde for hjort i kommunen og vert blant anna bruka som brunstområde. Det er ein del av eit større område som hjorten oppheld seg i og trekk mellom.

Det har tidlegare vore ein kjend hubro-lokalitet (EN) og er truleg også eit viktig området for hubro i dag. Det er også eit viktig område for hønehauk (VU).

Eit viktig leve- og funksjonsområde for hjort og sensitive rovfuglar. Området får difor ein «stor» verdi.



**Figur 10.** A. Oversiktsbilete over delområde 6 Stongjo-Selsfjell-Selsvatnet. B. Landskapsbilete der Stongjo er området som ligg bak dei fremste øyane.

### Delområde 7. Innvær fjorden

Dette er eit nytt viltområde i 2025, basert på informasjon frå medverknadsmøte med BirdLife. Viltområdet omfattar sjøareal, men også noko holmar og strandsona langs land på Rubbestadneset. Det er omtala som eit viktig rasteområdet for sjøfugl (BirdLife). I artskart er det registrert en rekke sjøfuglartar som makrellterne (EN), teist (NT), fiskemåse (VU), gråmåse (VU) og storskarv (NT).

Lokalt viktig rasteområdet for sjøfugl og hekkeområde for makrellterne og raudnebbterne. Det får difor ein "stor" verdi.



**Figur 11.** A. Oversiktsbilete av delområde 7- Innvær fjorden. B. Bilete tatt frå sør-vestlege delen av viltområde.

### Delområde 8. Storavatnet


Området er vidareført frå førre viltrapport. Storavatnet ligg i Bremnes sentrum (figur 12). Vatnet har mange krikar og krokar og ein finn ein mindre bestandar av takrøyr.

Storavatnet er hekkeområdet for stokkand (LC), toppand (LC), krikkand (LC), fiskemåse (VU), sivsporv (LC), siland (LC), tjeld (NT), grågås (LC), vassrikse (VU), sivhøne (VU), knoppsvane (LC), krikkand (LC) og sivsongar (LC).

Det blir òg brukt som rasteområde og beiteområde for sildemåse, gråmåse, svartbak og andefugl. Nokre er desse er: bergand (EN), fiskemåke (VU), skeiand (VU), brunnakke (LC), hettemåse (CR) og gråmåse (VU).

Det vert også bruka av overvintrande/trekkande fugl som: lappfiskand, bergand, dvergdykkar, taffeland, sivhøne, vassrikse, sothøne, storskarv, skeiand, hettemåse, gråmåse, gråstrupedykkar, horndykkar.

Det er med andre ord eit viktig funksjonsområdet for fugl i kommunen. Det har fleire funksjonar for fuglane ved at det vert bruka som hekkeområdet, rasteområdet for trekkfugl og beiteområdet. Området får på bakgrunn av dette ein «stor» verdi.




**Figur 12.** A. Oversiktbilete av viltområde 8- Storavatnet., B. synar sørlege delen av området.

### Delområde 9. Holetjørna

Dette er ei vidareføring av viltområde frå førre viltrapport. Den vert skildra som ei lita, næringsrik tjørn som ligg mellom Habbestad og Sjøvoll (figur 13). Grunnlaget for utveljinga var at den var hekkelokalitet for sivsongar (LC). Dette er like aktuelt i dag.

Dette er ei vidareføring av viltområde frå førre viltrapport. Den ver skilda som ei lita, næringsrik tjørn ved Økland. Grunnlaget for utveljinga då var at den var hekkelokalitet for sivsongar (LC). Dette er like aktuelt i dag. I seinare år er det observert storspove (EN) med åtferd som indikerer hekking av medlemmar i BirdLife. Vidare er området viktig for, sivsonger, sivsporv (LC), vassrikse (VU). Det er òg registrert syngande grashoppesongar (NT) her.

Lokalt viktig område for sivsongar, vassrikse og mogleg hekkeområde for storspove. Det får difor «stor» verdi.




**Figur 13.** A. Oversiktsbilete av delområde 9- Holetjørna, B. Takrøyr som er karakteristisk for viltområdet.

### Delområde 10. Mørkatjødno

Dette er ei lita tjørn like i nærleiken av Meling skule. Den var teken med som viktig viltområde i rapporten frå 2003. Noko av det som gjer den spesiell er at tjørna er omgitt av takrøyr (figur 14). Her har ein påvist hekking av sporvefuglar som sivsongar (LC) og sivsporv (LC). Svartstrupe (EN) er registrert hekkande i nærleiken. Det er elles gjort observasjonar av rosenfink (NT), myrrikse (EN) rugde, grashoppesongar (NT) og tornskate på eller ved denne lokaliteten, desse er potensielle hekkeartar. Artar som hekkar i området er mellom anna grønfinnk (VU), vassrikse (VU), i tillegg til vanlegare artar som møllar, munk og vendehals.

Potensiell trussel for området kan vera attgroing av tjørna. Det er i dag lite vass-spegl igjen. I randsona er det mykje tre av bl.a. bjørk og gran.

Det er eit viktig funksjonsområdet for mange fugleartar i kommunen. Verdien vert dratt opp på bakgrunn av at det er eit viktig funksjonsområde for sårbare/sterkt trua artar som svartstrupe, myrrikse, vassrikse. Det er også ein av fleire liknande myrer/våtmarker i området noko som er positivt for habitatspesifikke artar. Området får «stor verdi».



**Figur 14.** A. Oversiktsbilete av delområde 10- Mørkatjødno, B. Takrøyr som er karakteristisk for viltområdet.

### Delområde 11. Karihavet

Dette er eit nytt viltområde, men det har vore eit naturreservat sidan 1987. Det er skildra som ein liten holme i skjerma farvatn inne i Melingsvågen (figur 15). Vegetasjonskledd som følgje av at staden har vore gjødsla av hekkande sjøfugl i lang tid, men ikkje attgrodd i dag sjølv om det er lenge sidan sjøfugl hekka her permanent<sup>16</sup>.

Holmen vert i dag brukt av tjeld og fiskemåse. Knoppsvane har hekka på skjeret i nyare tid (opplysningar frå BirdLife).

Naturreservat for sjøfugl. Området får «svært stor» verdi.



**Figur 15.** A. Oversiktsbilete av delområde 11- Karihavet. B. Bilete av Karihavet. Foto: Katrine Strand Sæterbø.


<sup>16</sup> Faktaark frå Miljødirektoratet henta frå [<https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001661>].23.11.2025

### Delområde 12. Melingsvatnet

Dette er eit viltområde som fyrst vart kartlagd i viltrapporten i 2003. Det er eit lite og grunt vatn. Områda ikring er beitemark i nordvest, myr og granplantefelt på den austlege delen (figur 16). I sør grensar det til ny bustadområdet. Grensa er difor noko endra sidan førre viltrapport.

Her er det i nyare tid registrert ein del artar knytt til kulturlandskap rundt som vipe (VU) og storspove (EN). Det stod også oppført i førre viltrapport at området er hekkeområde for desse artane. Vatnet er også nytta som rasteområde for vadarartar og andefugl. Registrerte artar i artskart er grønnfink (VU), knekkand (EN), svartand (VU), fiskemåke (VU), gråmåke (VU), dvergdykker (EN), vassrikse (VU) og myrrikse (EN).

Verdien vert justert opp på bakgrunn av at området er eit viktig funksjonsområde for sårbare/sterkt trua artarsom svartstrupe, myrrikse og vassrikse. Det er og ein av fleire myr og våtmarker i området, noko som er positivt for habitatspesifikke artar. Området for «stor» verdi.



**Figur 16.** A. Oversiktsbilete av viltområdet Melingsvatnet, B, bilete tatt av vatnet i den nordlege delen.

### Delområde 13. Myr/våtmark ved Hallaråker

Vidareføring av viltområde frå førre rapport. Det utgjer eit område med myr/våtmark på Hallaråker (figur 17). Det er noko opne vanndammar. Området rundt er jordbruksareal. Det er registrert som eit potensielt hekkeområde for myrrikse (EN), rasteplass for vassrikse (VU) og grashoppesongar (NT) er òg registrert syngande her.

Viktig funksjonsområde for fleire raudlista artar. Området får difor «stor» verdi.



**Figur 17.** A. Oversiktbilete av Delområde 13- myr/våtmark ved Hallaråker, B. Bilete frå lokaliteten.

#### Delområde 14. Raugavatnet (Hallaråker)

Eit gjengrodd vatn som no er myr/våtmark på Hallaråker (figur 18). Det er ei vidareføring av viltområde frå førre rapport, men grensa er justert noko i den sørvestlege delen ettersom den omfattar veg og bustadhus. Raugavatnet er omtala som eit potensielt hekkeområdet både for myrrikse (EN) og vassrikse (VU). Området står oppført i artskart som hekkeområdet for våtmarksartane: sivsongar (LC), sivsporv (LC), storspove (EN) og enkeltbekkasin (LC).

Viktig funksjonsområde for sårbare og sterkt trua artar. Det får difor ein «stor verdi»



**Figur 18.** A. Oversiktsbilete av delområde 14- Raugavatnet (Hallaråker), B. Bilete teke frå den nordlege delen av området.

### Delområde 15. Kjøl (Hallaråker/Sønstabø)

Dette området vart ikkje teken med som eit eige viltområde i førre rapport, men det vart nemnd som eit viktig området med omsyn til fugl, og er no inkludert. Innsjøane ved Kjøl på Hallaråker er kjerneområdet og viktige rasteplassar for trekkjande fuglar på haust- og vårparten, og er eit viktig hekkeområde for fleire raudlista artar. Områda rundt Kjøl er småskala jordbrukslandskap med innslag av beitemark og våtmark (figur 19). I desse områda hekkar kulturlandskapsartane vipe (CR), tjeld (NT), raudstilk (NT), fiskemåse (VU), gauk (NT) og storspove (EN). Det er også registrert fleire artar av rikser, snipefuglar, og andefuglar.

Tidlegare hekka også hettemåse, makrellterne, sildemåse, songlerke i området, men hekking i dag er usikkert.

Området vert også bruka av ein rekkje arter som rasteområde/næringssøk. Blant desse er svarthalespove, svartbak, småspove, brushane, boltit, sotsnipe, heilo, hønehauk, myrhauk, snadderand, skeiand, knekkand, sivhøne, vassrikse, taksvale, sandsvale, tårnsiglar, svartstrupe, tundragås, ub. sædgås, stare, storskarv, bergand, svartand, tyrkardue, gråmåse, grashoppesongar og grønfinnk.

Eit viktig hekkeområde for to sjeldne kulturlandskapsartar. Det er også eit viktig rasteområdet for trekkjande fugl. På bakgrunn av dette vert området satt til «svært stor» verdi.




**Figur 19.** A. Oversiktsbilete over delområde 15-Kjøel (Hallaråker/Sønstabø), B. Bilete av nordlege delen av innsjøane ved Kjøl.

### Delområde 16. Sønstabø

Dette er ei vidareføring av viltområde frå førre rapport. Det er eit mindre vatn/våtmark med takrøyr (figur 20). Det skil seg ut i landskapet som elles er myr og knausar. Det er eit hekkeområde for habitatspesifikke artar som sivsongar (LC) og sivsporv (LC). Det er òg registrert vassrikse (VU) i artskart i nyare tid. Truleg overvintringsområdet for sistnemnde art.

Lokalt viktig området for sivsongar (LC). Det at vatnet er ein viktig del av funksjonsområde til vassrikse (VU) gjer at det får ein «stor» verdi.



**Figur 20.** A. Oversiktsbilete av delområde 16-Sønstabø, B. Bilete er tatt i den nordlege delen, ein kan sjå den karakteristiske takrøyrvegetasjonen.

### Delområde 17. Sørhustjødno (Mæland)

Vidareføring av viltområde frå førre rapport. Tjørna er lokalisert i jordbruksområdet på Mæland (figur 21). Tjørna har mykje kantvegetasjon som fleire fuglearter trivst i. Det er registrert hekking av sivspurv (LC) og sivsongar (LC). I førre viltrapport vart det nemnd at det var observert vassrikse (VU) ved tjørna. Sidan 2002 er det gjort mange registreringar av arten i artskart, noko som støtter opp om at dette er ein del av funksjonsområdet for arten.

Lokalt viktig området for sivsongar (LC) og viktig del av funksjonsområde for vassrikse (VU) også mogleg hekkeområdet. Området får difor «stor» verdi



**Figur 21.** A. Oversiktbilete av Sørhustjødno (Mæland), B. Bilete tatt frå veg, som synar sørlege delen av tjødno.

### **Delområde 18. Kvednavatnet (vatn ved Tormodsetre)**

Dette er ei vidareføring av viltområde frå førre rapport. Det er eit mindre vatn/våtmark med eit stort takrøyrparti hovudsakleg i den nordlegaste delen av området (figur 22). Det skil seg ut i landskapet som elles er myr og knausar. Det er eit hekkeområde for habitatspesifikke artar som sivsongar (LC) og sivsporv (LC). Det er òg registrert vassrikse (VU) i artskart i nyare tid, der området truleg fungerer som overvintringsområde for sistnemnde art.

Lokalt viktig området for sivsongar. Det er en viktig del av funksjonsområde til vassrikse (VU), noko som drar verdien opp til «stor».



**Figur 22.** A. Oversiktsbilete av delområde 18- Kvednavatnet (vatn ved Tormodsetre). B. Bilete tatt midt i området som viser ope vann og den karakteristiske takrøyrvegetasjonen.

### Delområde 19. Området ved Grimsfjellet

Dette er eit viltområde som er tatt med etter revisjonen av viltrapporten. Det er eit større samanhengande utmarksområde med myr, skog og vatn (figur 23). Det har også vore skogbrann i området, noko som gjer at deler av lyngheia er fornya.

Etter medverknadsmøter og samtalar med nøkkelpersonar kom det inn informasjon om at området er eit viktig brunst- og kalvingsområde for hjort. Det er også omtala som viktig for anna vilt i kommunen bl.a. hare (NT) og orrfugl. Dette området må sjåast i samanheng med Baståsenområdet. Det går også vilttrekk mellom desse områda.

Hjort er i utgangspunkt ikkje ein art som kjem høgt opp på verdi-skalaen i følge verdsettjingskriteria til MD-1941. Området er likevel viktig for hjorten på Bømlo og det er også funksjonsområde til annet vilt som hare og orrfugl. Det får difor verdien "middels".



**Figur 23.** A. Oversiktsbilete av delområde 19- Området ved Grimsfjellet. B. Viser landskapet i den sør-austlege delen av området ved Tomodsætersåta.

## Delområde 20. Baståsenområdet


Dette er ei vidareføring av viltområdet «Baståsen» frå førre viltrapport. Grensa på området er endra ettersom det har kome ny fylkesveg etter 2003. Det er også planlagt ny veg mellom Ekornsæter og Sakseid<sup>17</sup>, som gjer at det vert endringar av områdegrensa i vest etter oppgradering av vegen.

Baståsenområdet er eit større skogområde aust frå Ersland (figur 24). Det er tidlegare omtalt som eit skogsområde av furu, med innslag av grov skog, død ved og lauvtre<sup>18</sup>. Det er eit viktig viltområde i kommunen og ein finn mange artar knytt til skog. Det er eit kjerneområde for hjorten på Bømlo bl.a. eit brunstområde. Dette er også viktig område for hare (NT). Det er også tidlegare omtalt som området for storfugl (LC), men under medverknadsmøta var det ingen som hadde høyrd eller sett noko på dei siste 10 åra. Habitatet er også særst godt egna til spettefuglar det er blant anna observert kvitryggspett (LC) ved Askåsheia. Det er også eit hekkeområde for hønehauk (VU)<sup>19</sup>.



Kombinasjonar av eldre bar- og lauvskog, innslag av død ved og at det er relativt urørt gjer det til eit viktig viltområde for fleire artar. Det er i tillegg tidlegare registrert hønehauk (VU) i området og fleire artar av spettar.

Området får difor «stor» verdi.



**Figur 24.** A. Oversiktbilete av delområde 20- Baståsenområdet. B. Landskapsbilete som viser at området er dekket av mye skog.

<sup>18</sup> Steinsvåg, M.J. og Overvoll, O. 2003. Viltet i Bømlo. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Bømlo kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 4/2003: 1-55.

<sup>19</sup> Steinsvåg, M.J. 2002. Kartlegging av hekkestadar for hønehauk (*Accipiter gentilis*) i Bømlo og Sveio kommunar, Hordaland. - Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 2-2002: 21s +vedlegg.

### Delområde 21. Trøytarosskjeret

Dette er ein ny lokalitet som er teken med i viltrapporten, men området har vore eit naturreservat sidan 1987. Det ligg ved Reianeset, utanfor tettstaden Finnås (figur 25). Føremålet med fredinga har vore å sikre best mogelege vilkår for sjøfuglane i området samt å ta vare hekkelokalitet for makrelltærne (EN)<sup>20</sup>. Trøytarosskjeret er pr. 2025 ikkje i nemneverdig bruka som hekkelokalitet (informasjon frå BirdLife). Ettersom det er eit naturreservat får den likevel «svært stor» verdi jf. tabell 1.




**Figur 25.** A. Oversiktsbilete av delområde 21- Trøytarosskjeret. B. Bilete av Trøytarosskjeret. Foto: Katrine Strand Sæterbø.

<sup>20</sup> Miljødirektoratet faktaark. Hentet frå [<https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001751>].

## Delområde 22. Otterøya og Hestholmen

Dette er ei vidareføring av viltområdet frå førre rapport, men delar er også eit sjøfuglreservat som vart oppretta i 1981. Reservatet ligg på søre delen av Otterøy i Bømlafjorden, og omfattar også den mindre Hestholmen like utanfor.

Otterøya og Hestholmen er pr. 2025 ikkje i nemneverdig bruka av fuglar (informasjon frå BirdLife). Ettersom det er eit naturreservat får den likevel «svært stor» verdi jf. tabell 1. .



**Figur 26.** A. Omriss av delområde 22- Otterøya og Hestholmen. B. Oversiktsbilete av delområdet. Foto: Katrine Strand Sæterbø.

### Delområde 23. Rutsøy-Totlandstjørna

Området ligg like på Moster og er ei vidareføring av viltområde frå førre viltrapport. Det er tidlegare skildra som eit fragmentert kystlandskap med mange mindre skogkledd øyar, skjer og nes (figur 27). Dei grunne sjøområda er viktig vinterbeiteområde for andefugl. I artskart ligg registreringar av makrellterne (EN) og ærfugl (VU). I rapporten frå 2003 vert det nemnd at storfugl (LC) er i området, men det er ikkje gjort registreringar sidan 1981. Det er lite truleg at det framleis finst. Det er tidlegare registrert reirlokaltitet for hønehauk (VU) i området.<sup>21</sup> Det er registrert oter i området av nyare dato.

Viktig vinterbeite for andefugl og spetter. Det er truleg eit viktig funksjonsområde for spettefugl. Det er registrert hønehaukreir innanfor området. Dette er ein raudlista og sårbar art. Verdien er difor satt til «stor».



**Figur 27.** A. Omriss av delområde 23- Rustøy- Totlandstjørna. B. Oversiktsbilete av delområdet. Foto: Katrine Strand Sæterbø.

<sup>21</sup> Steinsvåg, 2002.

### Delområde 24. Børøy-Ulvesøy

Børøy og Ulvesøy er to større øyer sør for Siggjo (figur 28). Dei var tekne med som eget viltområde i førre rapport. Dei er der skildra som skogkledd øyar som har relativ lik vegetasjon og topografi. Furuskog dominerer, men ein finn òg mindre innslag av eik, rogn og osp. Det er innslag av død ved i desse skogområda. Det er registrert fleire større ospesholt på Børøy. Det har vore hekkande hønehauk både på Ulvesøy og Børøy<sup>22</sup>. Havørn (LC) hekkar også på Børøy.

Viktig funksjon område for habitatspesifikke artar. Hønehauk er klassifisert som ein sårbar (VU) art. Området får difor «stor» verdi.



**Figur 28.** A. Omriss av delområde 24- Børøy-Ulvesøy. B. Landskapsbilete frå delområdet. Foto: Katrine Strand Sæterbø.

<sup>22</sup> Steinsvåg, M.J. 2002.

### Delområde 25. Sagvatnet-Skogafjellet

Dette er det største samanhengande skogområdet i kommunen og er ei vidareføring av viltområde i førre rapport. Området ligg sør for kuleseidkanalen og nord for Langevåg (figur 29). Skogafjellet er ein av dei største kalkfuruskogane i gamle Hordaland og Sagvatnet er eit barskog reservat. I tillegg har området ein av dei største førekomstane av purpurlyngfuruskog registrert på Vestlandet. Det er få stiar i området, noko som gjer at området er lite påverka av menneske. På bakgrunn av desse kvalitetane finn ein også mykje viltarter som hønehauk (VU), havørn og hubro (EN). For spettefuglar er spesielt Askedalen og Godalen viktige. Det er registrert hekking av kvitryggspett (LC), dvergspett, gråspett og grønspekk i disse dalane. Det er og eit viktig leveområdet for hjort.

Eit svært viktig viltområde i kommunen. Det er fleire raudlista artar som lev i området. Det er også to naturreservat. Verdien vert satt til "svært stor".




**Figur 29.** A. Oversiktsbilete av delområde 25- Sagvatnet-Skogafjellet. B. Begge bildene er tatt like ved Skogvatnet, midt i området. Dei synar landskapet i denne delen av viltområdet.

### Delområde 26. Olvondo

Dette er ei vidareføring av viltområde frå førre rapport. Øya er verna som sjøfuglreservat og ligg vest for Lykling (figur 30). Denne store øya har større, flate og grasgrodde parti (naturbeitemark). Det finst òg meir steinete og bratte område på denne lokaliteten<sup>23</sup>. Det er viktig hekkeområde for svartbak (LC), sildemåse (LC), gråmåse (VU), fiskemåse (VU), grågås, toppskarv, raudstilk, skjerpipplerke, teist (NT) og tjeld (NT). I 2024 vart det telt 135 par av gråmåse, 98 par sildemåsar og 28 par svartbak<sup>24</sup>. Det er også omtala som mogleg hekkeområde for storspove (EN).

Det er omtala som ein del av myteområde til ærfugl (VU), topp- og storskarv nyttar det som rasteplass. Viktig rasteplass under trekket.

Området er eit naturreservat. Det er registrert som hekkelokalitet for mange raudlista sjøfugl og storspove. Lokaliteten får «svært stor» verdi.



**Figur 30.** A. Omriss av delområde 26- Olvondo. B. Bilete av øya teke frå land. Foto: Katrine Strand Sæterbø.

<sup>23</sup> Henta frå [<https://felles.naturbase.no/api/dokument/hent/30535.PDF>]. 24.11.2025

<sup>24</sup> Dataene stammer fra SEAPOPOP-prosjektet (SEAPOPOP, 2024).

### Delområde 27. Lyngøya-Lyngsøykalven

Dette er eit området som er vidareført frå førre viltrappport. Det er ein holme som ligg rett vest for Grutlefjorden og tilhøyrar den ytre skjergarden i Bømlo (figur 31). Vegetasjonen ber preg av beiting av sau, og fleire parti er grasgrodde. Den har tidlegare vore kartlagd som naturtypen kystlynghei/naturbeitemark.<sup>25</sup>

Viktig yngleområde for mellom anna svartbak (LC), gråmåse (VU), sildemåse (LC) og ærfugl (VU). På Lyngsøykalven var det tidlegare registrert ein stor raudnebbternekoloni i 1999, men denne er no borte.

Viktig hekkelokalitet for sjøfugl. Den får difor ein «stor» verdi.



**Figur 31.** A. Oversiktsbilete av delområde 27- Lyngøya-Lyngsøykalven. Bilete av øya teke frå land. Foto: Katrine Strand Sæterbø.

<sup>25</sup> Moe, B. (2003).


### Delområde 28. Nordøyane-Holsøyane

Området utgjer mange mindre øyar, holmar og skjær sørvest i kommunen (figur 32). Holsøyane inkluderar 16 holmar inkl. naturreservata Eggvær og Trettebleikja som begge er verna på bakgrunn av sjøfugl. Nordøyane utgjer heile 38 holmar inkl. naturreservata Joøya, Upsøykalven og uttsletteøya, samt Sengane. Nytt frå førre rapport er at øya Pustaren er også inkludert.

Øyane som utgjer viltområdet har ein særst viktig funksjon som hekkeområde for mange sjøfuglartar. Det er mellom anna registrert hekking av svartbak (LC), gråmåse (VU), fiskemåse (VU), sildemåse (LC), toppskarv (LC), teist (LC) og grågås (LC). I 2024 vart det telt 14 par gråmåse, 15 par sildemåse og 23 par svartbak på Eggvær, medan det på øya Pustaren vart telt 7 par gråmåse, 47 par sildemåse og 2 par svartbak.<sup>26</sup>

Dette er dessutan eit viktig myteområde for ærfugl (VU). Det er også registrert småspove i hekketid dei siste åra.

Nettverk av øyer som har funksjon som hekkeområdet for ein rekkje sjøfugl. Mange av desse er sårbare artar. Det er også fire naturreservat i viltområdet. Området får difor ein «svært stor» verdi.



**Figur 32.** A. Oversiktsbilete av alle øyane som utgjer delområde 28- Nordøyane- Holsøyane. B. bilete er tatt frå Irisholmane vest, som er ein del av Holsøyane., C. Bilete er tatt frå Kvaløy , som er ein del av Nordøyane. Foto: frå B og C er tatt av Kirstin Maria Flynn Steinsvåg.2024 Gjeve att med løyve.

<sup>26</sup> Dataene stammer fra SEAPOPOP-prosjektet (SEAPOPOP, 2024).

### Delområde 29. Raudholmane-Låterøyområdet (Sørøyane)

Det sørlegaste viltområdet på Bømlo som inkluderer fleire øyar sør for Espevær (figur 33).

Dei fleste øyane er ein del av eit større naturreservat (Hovsøy, Låtersøy, Melne, Melneklubben, Lyngsøy, Oksoy og Raudholmane naturreservat). Det vert omtala som eit av dei viktigaste sjøfuglområda i gamle Hordaland<sup>27</sup>.

Øyane er viktige hekkeområde for sjøfugl generelt, og det er påvist hekking av blant anna ærfugl (VU), grågås (LC), teist (LC), lunde (EN), havhest (EN), makrellterne (EN), raudnebbterne (LC), svartbak (LC), gråmåse (VU), fiskemåse (VU), storskarv (NT) og toppskarv (LC). I nyare data frå 2024 vart det mellom anna telt 117 par gråmåse, 28 par sildemåse og 23 par svartbak på Raudholmane.<sup>28</sup>

Øyane er dessutan eit viktig myteområde for ærfugl (VU). Overvintringsområde for havelle og svartand. Det er observert oter på Lyngsøy.

Området er eit viktig funksjonsområde for sjøfugl der mange er registrert som anten sterkt trua (EN) eller sårbare (VU). Området inneheld naturreservat. Verdien er difor satt til «svært stor».



**Figur 33.** Oversiktsbilete av delområde 29. Raudholmane-Låterøyområdet (Sørøyane).

<sup>27</sup> Steinsvåg, M.J. og Overvoll, O. 2003.

<sup>28</sup> Dataene stammer fra SEAPOP-prosjektet (SEAPOP, 2024).


## 5 Vilttrekk på Bømlo

På bakgrunn av innhenta kunnskap frå medverknadsmøtet er det kartfesta 29 vilttrekk (figur 35). 12 av vilttrekka er verdsett til «middels» verdi, medan resten av trekka er verdsett til «noko» verdi. Vilttrekka med verdsetting er vist i meir detalj i figur 37 og 38.

Lengda på vilttrekka vil påverke «funksjonaliteten», der ein lang korridor reduserer sjansane for at viltet vil fullføre ei «krysning». Viltkorridorens lengde er subjektivt definert på bakgrunn av innhenta kunnskap. Nokre av dei kortaste vilttrekka er definert på bakgrunn av kor dyra kryssar bilvegen, og regnast for å vere meir lokale trekk.

Vilttrekka er ofte ikkje samanhengande skogareal, men består ofte av ulike arealtypar og kryssar vegar. Vilttrekka bidreg til at viltet kan bevege seg mellom viltområda. Nokre av trekka er lokale trekk som hjorten brukar til å bevege seg mellom beiteområde, dagleie og skjul. I tillegg vert trekka brukt i forbindelse med kalving om våren eller brunst om hausten. Eit fåtal av vilttrekka er «innvandringstrekk», som i hovudsak vert brukt av hjort som kjem vandrane inn frå nabokommunane Stord, Fitjar og Sveio.

Vilttrekka er kort omtalt i teksten kvar for seg, men og sett i samanheng med dei definerte viltområda.



**Figur 34.** Oversikt og verdivurdering av registrerte trekkvegar for hjort (vilttrekk) i Bømlo kommune i 2025. Kart utarbeida av Faun.

### **1. Risøya-Vikøya**

Trekket er eit innvandringstrekk mellom Risøya og Vikøya for hjort som kjem trekkande inn frå Fitjarøyane, og verdsett til «noko» verdi.

### **2. Vikøya-Goddo**

Trekket er ein del av innvandringstrekket frå Fitjarøyane og Goddo, og er ei forlenging av vilttrekket mellom Risøya og Vikøya. Vilttrekket kryssar over Klubboen mellom Vikøya og Goddo, og er verdsett til «noko» verdi.

### **3. Goddo-Rogøya**

Trekk mellom Goddo og Rogøya. Trekket krysser Gloadungsøya, Bukkøya og fleire små holmar sørvest for Goddo. Rogøya er oppgitt som viktig brunstområde. Trekket er verdsett til «noko» verdi.

### **4. Rolvsnes-Goddo**

Vilttrekk over Goddosen mellom Goddo og Rolvsnes, like sør for Kjøpholmen. Trekket er satt til «noko» verdi.

### **5. Rolvsnes**

Innvandringstrekk mellom Fitjarøyane og Rolvsnes, og vidare over Rolvsnesvegen. Trekket er satt til «middels» verdi sidan trekket vert rekna for å vere viktig lokalt.

### **6. Goddo-Stongjo**

Vilttrekk mellom Goddo og nordspissen av Stongjo, som krysser Goddovegen ved Erevika. Trekket er satt til «noko» verdi.

### **7. Goddo-Steganeset-Stongjo**

Alternativt trekk mellom Goddo og Stongjo, som går mellom Steganeset og Stølaneset. Trekket er satt til «noko» verdi.

### **8. Fitjar-Aga**

Innvandringstrekk mellom Fitjar og Austneset ved Aga. Vidare trekk er noko usikkert, men går i retning Indra Klubbo. Trekket er satt til «noko» verdi.

### **9. Stongjo-Selsvatnet**

Eit viktig vilttrekk som kryssar pøyla inst i Selsfjorden, og som bind saman leveområda mellom Stongjo og Rolvsnes. Trekket er satt til «middels» verdi.

### **10. Indra Klubbo-Selsvatnet**

Vilttrekk mellom Indra Klubbo og Selsvatnet, som vert å rekne for ei forlenging av innvandringstrekket frå Aga (trekk nr. 8). Trekket er satt til «noko» verdi.

### **11. Selsvatnet-Grimsfjellet**

Eit viktig vilttrekk mellom Selsvatnet og areala sør for Bremnes, som krysser Bremnesvegen mellom Robberstad og bensinstasjonen ved Stokkavatnet (figur 10). Trekket er satt til «middels» verdi.

Sidan dette er ein av få moglegheiter for utveksling av dyr mellom Stongjo-Goddo og sørover, bør ein ta særleg omsyn til vilttrekket i vidare arealplanlegging. Til dømes kan ein etablere ei omsynssone (H560) i kommuneplanens arealdel.

## 12. Ekornsetre

Eit viktig vilttrekk mellom Grimsfjellet og skogareala i retning Baståsen, og som kryssar Sakseidvegen nord for grusuttak. Trekket er satt til «middels» verdi. Også her kan ein vurdere etablering av omsynssone for naturmiljø.

Som følge av ombygging av fylkesveg ved Ekornsetre for nokre år sidan, er tidlegare vilttrekk lengre nord øydelagt. Ei utviding av grusuttaket mot nord i høve til førre KPA, vil kunne forringe funksjonen til vilttrekket. Pågåande oppgradering av Fv. 541 Ekornsæter – Sakseid kjem til å forringe eksisterande vilttrekk noko, i høve til verknadsvurderinga av reguleringsplanen til vegutbygginga<sup>29</sup>.

## 13. Stord-Sætre

Innvandringstrekk mellom Stord og Bømlo, frå areala sør for Stord flyplass til Sætre. Trekket kryssar Stokkabekkevegen og Fv. 542 ved Sætre. Trekket er satt til «middels» verdi, men er truleg i mindre bruk per dags dato som følge av lågare tettleik av hjort på Stord.


## 14. Hallerakersundet

Vilttrekk som bind saman areala ved Halleråker og Grimsfjellet. Trekket kryssar Hallerakersundet over mot Ålforeneset. Nokre dyr krysser og ved Straumen i retning Barmahaugane. Trekket kryssar Giljevegen og fortsett i retning Store Melandssåta og Grimsfjellet. Trekket er satt til «middels» verdi, sidan det bind saman Halleraker med hjortearerala lengre aust i retning Grimsfjellet (viltområde nr 19).



**Figur 35.** Hjortetrekket mellom Selsvatnet og Grimsfjellet (hjortevilttrekk nr. 14). Det kryssar Bremnesvegen, mellom Robberstad og Essostasjonen ved Innvær.

<sup>29</sup> Vestland fylkeskommune (2020). Planomtale: Reguleringsplan Fv. 541 Ekornsæter – Sakseid



Figur 36. Registrerte trekkvegar for hjort i nordre del av kommunen.

### **15. Spysøy**

Vilttrekk frå Røysund over Gassasundet til Spysøya, og vidare i retning Natuøya, Føyno og Stord. Trekket fungerer i hovudsak som eit innvandringstrekk, og er satt til «noko» verdi.

### **16. Dromsdalen-Furefjell**

Vilttrekk over Oldereidvegen som bind saman leveområde for hjort mellom Siggjo og Furefjellet. Trekket er satt til «noko» verdi

### **17. Siggjo-Børøya**

Vilttrekk frå Engjadalen til Ulvesøya og vidare mot Børøya. Enkelte dyr kryssar også over mot Bjørnøya. Trekket utgjer ein viktig samanhengande skogkorridor som bind saman leveområda for hjort i kommunen. Trekket er satt til «middels» verdi.

### **18. Klubbesundet**

Trekk mellom Klubben og Børøya via Klubbesundet, som er ei alternativ trekkroute for hjort til trekk nr. 16. Trekket er satt til «noko» verdi.

### **19. Børøya-Moster**

Vilttrekk som kryssar Børøyfjorden mellom Børøya og Rutsøya, og som bind saman leveområda for hjort på Moster med resten av kommunen. Trekket er satt til «middels» verdi.

### **20. Rutsøya-Midtøya**

Eit vilttrekk som kryssar Børøyfjorden mellom Midtøya og Rutsøya. Området skal vere eit viktig brunstområde for hjort (sjå viltområde nr 24). Trekket er satt til «middels» verdi.

### **21. Nautsundet**

Vilttrekket kryssar Nautsundet mellom Børøya og leveområda innanfor, og utgjer ei viktig trekkroute som bind saman leveområda for hjort. Trekket er satt til «middels» verdi.

### **22. Liarnuten**

Vilttrekk over Fv. 541 som bind saman leveområda for hjort rundt Lyklingfjella og Steinsvåg fjella, med områda innanfor. Dei ytre areala vest for fylkesvegen utgjer beiteområde for hjorten om sommaren, samt brunstområde med områda innanfor. Avgrensinga av trekket er usikker, og satt til «noko» verdi.

### **23. Ospedalsfjellet**

Lokalt vilttrekk over Fv. 541 mellom Lykling og Sætrafjellet. Det er registrert 3 påkøyrslar av hjort i området i løpet av dei siste 2 åra. Avgrensinga av trekket er usikker, og satt til «noko» verdi.

### **24. Sagvatnet**

Vilttrekket går på austsida av Sagvatnet gjennom Kverneidet, kryssar Sagelva og fortset sørover langs Tjongspollen. Trekket går i kjerneområdet for hjort (viltområde nr. 26), og er satt til «middels» verdi.

### **25. Bergeseidet**

Vilttrekk som krysser ut av Tjongspollen naturreservat ved Bergeseidet og vidare sørover i retning Bjørkåsen. Trekket er satt til «middels» verdi.

### **26. Løvagapet**

Vilttrekk mellom Vika og Gåsafjellet som krysser over Fv. 541 ved Løvagapet. Trekket er satt til «noko» verdi.

**27. Øykjadalen**


Vilttrekk som krysser over Fv. 541 ved Øykjadalen, og dreier i retning Gåsafjellet. Trekket er satt til «noko» verdi.

**28. Langevåg**

Vilttrekket krysser Fv. 541 ved Eidesfjellet, og fortsett vidare på austsida av Kvernavatnet. Trekket er satt til «noko» verdi.

**29. Sveio-Langevåg**


Trekket utgjer ei nesten 4 kilometer brei fjordkryssing mellom Sveio og Langevåg, som vert rekna som eit innvandringstrekk. Vilttrekket er satt til «noko» verdi.




Figur 37. Registrerte trekkevegar for hjort i sørlig del av kommunen.

## 6 Viltområde og vilttrekk i same kart

Til slutt er vilttrekk og viltområde satt saman i eit kart for å sjå samanhengen mellom trekkvegar og viktige områder i kommunen (figur 39 og 40).



**Figur 38.** Reviderte viltområde og hjortetrekkvegar sett i samanheng for nordre del av Bømlo 2025.



**Figur 39.** Reviderte viltområde og hjortetrekkvegar sett i samanheng for sørlege del av Bømlo 2025.

## 7 Hubrolokalitetar på Bømlo

Hubro (*Bubo bubo*) er ein fåtalig hekkeart på Bømlo og ein av dei mest sårbare fugleartane i kommunen. Arten er klassifisert som sterkt truga (EN) på Norsk raudliste for artar, noko som understrekar behovet for særleg omsyn i både arealplanlegging og naturforvaltning. Hubroen er svært sensitiv for forstyrning, spesielt i hekketida, og er avhengig av rolege og uforstyrra leveområde for å kunne oppretthalde levedyktige territorium.

Statsforvaltaren i Nordland har utarbeidd ei eiga forvaltningsrettleiar for hubro, der det blir presisert at nøyaktig kartfesting av territorium og reirplassar er avgjerande for å kunne sikre tilstrekkelege omsynssoner i planprosessar<sup>30</sup>. Slik presis stedsinformasjon gjer det mogleg å identifisere område med potensial for konflikt med inngrep, infrastruktur og arealendringar, og legg dermed grunnlaget for betre og meir målretta forvaltning.

I samband med denne kartlegginga er det gjennomført dialog med BirdLife, som har bidrege med lokal kunnskap om kjende og moglege reirlokaltetar. På bakgrunn av dette er det utarbeidd eit kart som viser kjende og potensielle reirplassar . Det er òg laga eit eige kart med ein buffer rundt kvart registrerte lokalitet for å synleggjere mogleg områdebruk og bevegelsesmønster til hubro i kommunen. Det er verdt å merke seg at områdebruken endrar seg gjennom året

Informasjon knytt til kvar observasjon/registrering er gitt i vedlegg 3.

---

<sup>30</sup> <https://www.statsforvalteren.no/contentassets/958bea0adf94468b87b70730c7b86ccb/forvaltningshandbok-for-hubro-2024.pdf>

## 8 Faktorar som påverkar viltet

### Ferdsel i utmark og turløyper

Turstar og ferdsel i utmark som faktorar som påverkar viltet negativt på Bømlo, vart nemnt fleire gonger under medverknadsmøta og intervjua. Det er gjort fleire studiar som viser at ferdsel i utmark kan forstyrre viltet, særleg i periodar med hekking, yngling eller når dyra har avgrensa tilgang på næring<sup>31</sup>.

Bømlo har eit omfattande nettverk av turløyper som gir tilgang til kystlandskap, skogområde og høgareliggande areal. Slike løyopenett har høg verdi for friluftsliv og folkehelse, men kan òg påverke vilt dersom dei går gjennom eller tett på sensitive artar av sjøfugl og rovfugl.

Ei forstyrning kan ha kortvarig verknad der nærvær av menneske utløyer frykt- eller fluktreaksjonar hos viltet. Denne responsen medfører auka energibruk, og for nokre artar (t.d. andefuglar, vadarar og skogshøns) er flukt òg forbunde med auka predasjonsfare frå rovfugl eller reirplyndrarar. Vedvarande forstyrning over tid kan i verste fall endre dyras arealbruk.<sup>36</sup>

Eit døme på ein art som er svært sensitiv for menneskeleg og annan forstyrning, er hubro. Arten er sær sårbar for menneskeleg aktivitet, spesielt i hekketida, då sjølv korte forstyrningar kan føre til at ho forlet reiret og dermed risikerer hekkesvikt. På Bømlo finst det fleire område der hubroen held til, og det er difor viktig å avgrense ferdsel i desse områda. Arten er både sterkt truga (EN) og ein ansvarsart for Noreg.

På eit overordna nivå kan kommunen, som planmynde, bruke kommuneplanens arealdel som eit verktøy til å ivareta særlege omsyn til naturmiljø eller hjortevilttrekk<sup>32</sup>. Det er også mogleg å evaluere dei eksisterande omsynssonene med tanke på friluftsliv og sjå dei i samanheng med kunnskapen frå denne rapporten.

Det er verdt å merke seg at sjølv om allemannsretten gjer at alle har rett til å ferdast og opphalde seg i utmarka i Noreg, må ein ha grunneigars samtykke før ein merkar eller gjer større inngrep. Grunneigarar har difor ein sentral rolle i regulering av ferdsel i sensitive område. I samband med dette vil god dialog mellom aktørane vera av stor betydning.

### Arealendringar

Sidan førre viltkartlegging i 2003, har det skjedd større arealendringar i kommunen, særleg knyta til oppgradering av fylkesvegane. Dette har redusert og delt opp nokon av leveområda for til dømes hjorten. Auka vegbreidde og døgntrafikk bidreg også til auka barriereffekt; altså vil dyra i noko mindre grad krysse den aktuelle vegen. Likevel er oppfatninga lokalt at den negative effekten av dei nye vegane for hjort, er avgrensa.

Arealinngrep som bustad- og hytteutvikling, utfyllingar i sjø og tekniske installasjonar har dei siste tiåra påverka ei rekkje viltområde på Bømlo. Slike inngrep fører til både tap, fragmentering og forringing av leveområde. For sjøfugl kan inngrep i strandsona redusere hekkeplassar og myteområde, medan for hjort kan utbygging av skog-, myr- og lyngheiomsområde forringe eller øydeleggje dagleie og kalvingsområde.

<sup>31</sup> Øian, H., Hagen, D., & Vistad, O. I. (2019)..

<sup>32</sup> Bruk arealformål, bestemmelser og hensynssoner - miljodirektoratet.no

## Klimaendringar

Klimaendringar påverkar viltet på Bømlo gjennom endringar i til dømes temperatur og nedbør. Den kystnære plasseringa og det oseaanske klimaet gjer at kommunen allereie opplever mildare vintrar, korte snøperiodar og store variasjonar i nedbør. Slike endringar får direkte og indirekte konsekvensar for fugl, pattedyr, amfibiar og krypdyr, fordi klimaendringar påverkar artar si evne til å overleve, formere seg og finne eigna leveområde. Klimaeffektar er særleg godt dokumenterte for artar som lever i kystsona og i våtmarksrike område.<sup>33</sup>

Sjøfugl er ei viktig forvaltningsgruppe i kommunen. Med aukande havtemperatur og meir ekstremvêr bidreg dette til endra næringsgrunnlag og redusert hekkesuksess<sup>34</sup>. Stormar og høg vasstand kan øydeleggje reir på lågtliggjande øyar, medan redusert tilgang på fisk som sild og tobis påverkar artar som ærfugl. Endringar i temperatur kan også forstyrre tidspunkt for myting og hekking, noko som fører til mistilpassing mellom næringstilgang og hekkesesong.

På Bømlo finn ein fleire artar av krypdyr som hoggorm og stålorm. Eit varmare klima gje ein lengre aktiv sesong, men meir nedbør og hyppigare stormar kan redusere tilgang på tørre, solvarme mikrohabitat som er nødvendige for temperaturregulering. Dette kan påverke både overleving og reproduksjon<sup>35</sup>.

Av amfibiar er det berre nordpadde som er registrert på Bømlo. Mildare vintre kan forstyrre padda si dvaleperiode og føre til at dei vaknar for tidleg, noko som aukar risikoen for frostskaider og energitap, mens meir ustabile nedbørsmønstre kan påverke dammane de er avhengige av for å legge egg<sup>36</sup>. Dersom dammar tørker ut før rumpetrolla utviklar seg ferdig, eller om kraftig nedbør skyler bort egg og larver, kan dette svekke reproduksjonen betydeleg. Til saman kan klimaendringar skape større press på paddebestanden på Bømlo og gjere han meir sårbar i framtida.

Hjorten blir ofte omtala som ein klimavinnar samanlikna med anna hjortevilt, som elg<sup>37</sup>. Fleire av dei viktigaste klimaendringane i Noreg, mellom anna høgare temperaturar, meir nedbør og kortare vintrar, kan til ein viss grad forbetre livsvilkåra for arten. Hjorten toler generelt varmare klima betre enn elg, men varme og tørre somrar kan ha negative konsekvensar. Temperaturar over toleransegrensa kan føre til varmestress, redusert kroppsvekt og påverke reproduksjonen negativt.<sup>38</sup> Klimaendringar kan òg påverke førekomsten av parasittar hos hjort. Mildare vintrar og lengre vekstsesong kan gje betre vilkår for parasittar og vektorar, noko som kan føre til auka parasittbelastning. Hjorten ser likevel ut til å vere meir robust enn elg overfor fleire av desse fordringane, sjølv om høg parasittbelastning kan påverke kondisjon, overleving og reproduksjon negativt.<sup>34</sup>

<sup>33</sup> Artsdatabanken. (2021).

<sup>34</sup> Burton, N. H. K. (2023).

<sup>35</sup> Olson, D. H., & Saenz, D. (2024).

<sup>36</sup> Artsdatabanken. (2024).

<sup>37</sup> Meisingset, E. L., & Solberg, E. J. (2025).

<sup>38</sup> Felton, A. M., Wam, H. K., Borowski, Z., Granhus, A., Juvany, L., Matala, J., Melin, M., Wallgren, M., & Mårell, A. (2024).

## 6 Referansar

- Aanes, M., Geving, M., & Erikstad, K. E. (2024, 6. september). Antall mink minker takket være oteren oterbestanden er nå livskraftig. Henta frå [[https://www.forskning.no/biologi-dyreverden-norsk-institutt-for-naturforskning/antall-mink-minker-takket-vaere-oteren/2401152?utm\\_source=chatgpt.com](https://www.forskning.no/biologi-dyreverden-norsk-institutt-for-naturforskning/antall-mink-minker-takket-vaere-oteren/2401152?utm_source=chatgpt.com)]
- Artsdatabanken. (2021). Norsk raudliste for artar 2021. Artsdatabanken. <https://www.artsdatabanken.no>
- Artsdatabanken. (2021). *Klimaendringer øker i betydning for truede arter i Norge*. Henta frå <https://artsdatabanken.no/Arter/Rodlista-arter/Om-rodlista/Fordypning/Klimaendringer-oket-i-betydning>
- Artsdatabanken. (2024). *Bufo bufo – vanlig padde*. Hentet fra <https://artsdatabanken.no/arter/takson/1571/beskrivelse>
- Artsdatabanken. (2021). Norsk raudliste for naturtypar 2021. Artsdatabanken.
- Artsdatabanken. (2021). Om datakvalitet i Artsobservasjonar og Artskart. Artsdatabanken.
- Bømlo kommune. (u.å.). Grunnlagskart og topografisk informasjon. Bømlo kommune.
- Burton, N. H. K. (2023). *Impacts of climate change on seabirds and waterbirds*. Marine Climate Change Impacts Partnership (MCCIP). <https://www.mccip.org.uk/sites/default/files/2023/12/Impacts%20of%20Climate%20Change%20on%20Seabirds%20and%20Waterbirds%20.pdf>
- Direktoratet for naturforvaltning. (1996). DN-håndbok 11: Viltkartlegging. Direktoratet for naturforvaltning.
- Felton, A. M., Wam, H. K., Borowski, Z., Granhus, A., Juvany, L., Matala, J., Melin, M., Wallgren, M., & Mårell, A. (2024). Climate change and deer in boreal and temperate regions: From physiology to population dynamics and species distributions. *Global Change Biology*, 30(9), e17505. <https://doi.org/10.1111/gcb.17505>
- Jordal, J. B. (2010). Naturtypekartlegging i Bømlo kommune. Bømlo kommune / Bioforsk.
- Kommunal- og distriktsdepartementet. (2023, 20. juni). *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027*. Regjeringen. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20232027/id2985764/>
- Kommunal- og distriktsdepartementet (2023). Friluftsliv – om kommunane sitt ansvar for arealplanlegging og tilrettelegging for friluftsliv. Henta frå Regjeringen.no: [https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-eiendom/plan\\_bygningsloven/planlegging/fagtema/friluftsliv/id2913052/](https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-eiendom/plan_bygningsloven/planlegging/fagtema/friluftsliv/id2913052/)
- Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova), LOV-2009-06-19-100. (2009). <https://lovdata.no>
- Lov om jakt og fangst av vilt (viltlova), LOV-1981-05-29-38. (1981). <https://lovdata.no>
- Meisingset, E. L., & Solberg, E. J. (2025). Hvorfor utvikler hjort- og elgstammen seg ulikt på Sør og Østlandet? henta frå [Hvorfor utvikler hjort- og elgstammen seg ulikt på Sør- og Østlandet?]
- Miljødirektoratet. (2020). Sjøfugl i Norge – status, utvikling og påverknader. Miljødirektoratet.
- Miljødirektoratet. (2021). Sårbarheit for klimaendringar: arter og naturtypar i Noreg. Miljødirektoratet.

- Miljødirektoratet. (2022). M1941 – Konsekvensutredning for klima og miljø. Miljødirektoratet.
- Miljødirektoratet. (u.å.). Naturbase. <https://www.miljodirektoratet.no/naturbase>
- Miljødirektoratet. (2020). Sjøfugl i Norge – status, utvikling og påverknader. Miljødirektoratet.
- NINA. (2021). Hjortevilt og forstyrning – kunnskapsoppsummering. Norsk institutt for naturforskning.
- Noregs geologiske undersøkning (NGU). (u.å.). Geologiske kartdata for Bømlo. NGU. <https://www.ngu.no>
- Olson, D. H., & Saenz, D. (2024). *Reptiles and climate change*. U.S. Department of Agriculture, Forest Service, Climate Change Resource Center. [https://www.climatehubs.usda.gov/sites/default/files/Reptiles-and-Climate-Change\\_CCRC.pdf](https://www.climatehubs.usda.gov/sites/default/files/Reptiles-and-Climate-Change_CCRC.pdf)
- SEAPOPOP. (2024). *Sjøfugltellinger (datamateriale)*. Infrastruktur støtte fra SEABEE, finansiert av Forskningsrådet. Hentet fra <https://seabee.no/>
- Statens vegvesen. (2018). Vilt og trafikk – handbok V134. Statens vegvesen.
- Statens vegvesen. (2019). Konsekvensutgreiing: Ny vegtrasé frå Ekornsæter til Sakseid. Statens vegvesen.
- Steinsvåg, M. J., & Overvoll, O. (2003). Viltet i Bømlo. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. Bømlo kommune / Fylkesmannen i Hordaland. (MVA-rapport 4/2003).
- Thomas T. Barker. *Writing Software Documentation*, 2nd ed., Pearson Education, 2003. Sitert i “User analysis” — Wikipedia, lagt inn som definisjonen av user analysis.
- Vestland fylkeskommune (2020). Planomtale: Reguleringsplan Fv. 541 Ekornsæter – Sakseid.
- Øian, H., Hagen, D., & Vistad, O. I. (2019). *Effekter av ferdsel og friluftsliv på natur*. Rapport, Statsforvalteren.

## Vedlegg-1 Data over amfibium, krypdyr og landlevande pattedyr registrert på Bømlo i artskart frå 2003-2025

| Norsk namn     | Vitenskapeleg                |                      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |   |
|----------------|------------------------------|----------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|---|
|                | Namn                         | Gruppe               | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |   |
| brunrotte      | <i>Rattus norvegicus</i>     | Landlevande pattedyr |      |      |      |      |      | 2    | 1    | 1    |      |      | 1    | 111  | 176  | 173  | 121  | 44   | 4    | 12   | 55   | 4    | 1    |   |
| ekorn          | <i>Sciurus vulgaris</i>      | Landlevande pattedyr |      |      |      | 3    | 5    | 5    | 6    | 3    | 5    | 11   | 100  | 17   | 44   | 243  | 177  | 175  | 194  | 179  | 184  | 146  | 4    |   |
| flaggermus     | <i>Chiroptera</i>            | Landlevande pattedyr |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      | 1    |      |      |      | 1    | 2    |      |   |
| hare           | <i>Lepus timidus</i>         | Landlevande pattedyr |      |      |      |      |      |      |      |      | 1    |      |      | 1    | 2    | 1    | 1    | 1    | 1    | 1    | 3    | 2    |      |   |
| hjort          | <i>Cervus elaphus</i>        | Landlevande pattedyr |      |      |      | 4    | 4    | 2    | 2    |      | 1    |      |      |      | 2    |      | 6    | 4    |      | 2    | 1    |      |      |   |
| kanin          | <i>Oryctolagus cuniculus</i> | Landlevande pattedyr |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      | 2    |      |      |   |
| krattspissmus  | <i>Sorex araneus</i>         | Landlevande pattedyr |      |      |      |      |      | 1    | 1    |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |   |
| markmus        | <i>Microtus agrestis</i>     | Landlevande pattedyr |      |      |      |      |      | 1    |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |   |
| mink           | <i>Neovison vison</i>        | Landlevande pattedyr | 1    |      |      | 1    | 4    | 1    | 1    | 1    | 6    | 4    | 2    | 3    | 2    | 2    | 3    | 3    | 2    | 7    | 4    | 3    | 1    |   |
| nordflaggermus | <i>Eptesicus nilssonii</i>   | Landlevande pattedyr |      |      |      | 3    | 1    | 2    | 2    |      |      | 3    |      | 7    |      |      |      | 1    |      |      |      |      | 1    |   |
| oter           | <i>Lutra lutra</i>           | Landlevande pattedyr |      |      |      |      |      | 1    | 1    | 5    | 5    | 6    | 9    | 3    | 7    | 9    | 3    | 7    | 12   | 11   | 41   | 31   | 14   | 7 |
| piggsvin       | <i>Erinaceus europaeus</i>   | Landlevande pattedyr |      |      |      | 3    | 2    | 2    | 2    | 1    | 5    | 98   | 138  | 69   | 114  | 29   | 29   |      | 3    | 2    |      | 2    | 1    |   |
| royskatt       | <i>Mustela erminea</i>       | Landlevande pattedyr |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      | 2    |      |      |      |   |
| småskogmus     | <i>Apodemus sylvaticus</i>   | Landlevande pattedyr |      |      |      | 1    | 1    |      |      | 1    |      | 2    | 2    |      |      | 1    |      |      | 1    | 1    | 1    |      |      |   |
| storskogmus    | <i>Apodemus flavicollis</i>  | Landlevande pattedyr |      |      |      | 1    | 1    |      | 1    | 1    | 1    |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |   |
| vånd           | <i>Arvicola amphibius</i>    | Landlevande pattedyr |      |      |      | 1    | 1    |      | 1    | 1    | 1    |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |   |
| ekte padder    | Bufoidea                     | Amfibium             |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      | 1    |      |      |      |      |      |      |      |      |   |
| firfisler      | Lacertidae                   | Krypdyr              |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      |      | 1    | 1    |      |      |   |
